

## Norrøn syntaksforskning i Norden på 1800-talet

### o Innleiing

I litteraturen om norrønt språk har fonologiske og morfologiske forhold fått stor merksemd gjennom dei to siste hundreåra, mens syntaks har spelt ei tilsvarende lita rolle. Holm-Olsen 1981: 49 skriv at Rasmus Rask med sin *Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog* (1811) la “[...] grunnen til det vitenskapelige studium av norrønt språk”. Men ser me på Rasks ulike arbeid om norrønt, oppdagar me fort at han i liten grad la grunnlaget for eit vitskapleg studium av norrøn syntaks.

Trass i at interessa for norrøn syntaks var lita i det første hundreåret etter Rask, finn me eit titals arbeid på dette feltet. I denne artikkelen skal eg presentere ein del av desse syntaktikarane frå 1800-talet, og sjå nærmare på enkelte aspekt ved denne litteraturen. Artikkelen har to hovuddelar. I den første gir eg ein presentasjon av arbeid om norrøn syntaks publiserte på 1800-talet av nordiske forskarar. I den andre delen ser eg nærmare på utviklinga av feltet norrøn syntaks, på bakgrunnen for denne utviklinga og på forholdet mellom dei ulike arbeida. I denne delen ser eg også på metodiske spørsmål som blei drøfta i denne litteraturen. I eit tillegg til slutt gir eg eit oversyn over kva kjelder dei presenterte syntaktikarane har nytta.

---

Utdrag av dette arbeidet er tidlegare presenterte som del av eit hovudfagsseminar ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo (januar 1993), og på Språkleg instituttseminar (mai 1993) ved same institutt. Takk til tilhøyrarane for nyttige kommentarar. Av enkeltpersonar vil eg gjerne få takke Hans-Olav Enger, Odd Einar Haugen, Magnus Rindal, Erik Simensen og Trond Trosterud, som alle har kome med hjelp, kommentarar og diskusjon. Ein person som fortener særleg takk, er Kjartan G. Ottosón, som har lese og kommentert fleire versjonar av arbeidet, og som har vore til uvurderleg hjelp i arbeidet med tillegget om kjelder. Ansvar for feil og manglar er sjølvsgatt mitt.

## 1 Arbeid om norrøn syntaks på 1800-talet

I denne delen av artikkelen skal eg gi ein kort presentasjon av dei viktigaste arbeida om norrøn syntaks frå 1800-talet. Følgjande arbeid inngår i denne framstillinga: Rask 1818b, Munch og Unger 1847,<sup>1</sup> Lund 1862, Wisén 1865, Guðbrandur Vigfússon 1866, M. Nygaard 1865–67; 1878; 1879; 1883–86; 1894; 1896a–b; 1900, W. Nygaard 1889 og Jón Þorkelsson 1894.<sup>2</sup>

### 1.1 Rasmus Rask (1818b og 1811)

Rasmus Rask skriv om norrønt språk mellom anna i følgjande tre arbeid: *Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog* frå 1811, *Undersøgelse om det gamle Nordiske eller Islandske sprogs Oprindelse* frå 1818 (1818a), og *Anvisning till Isländskan eller Nordiska fornspråket*, også frå 1818 (1818b). Den siste er ei omsetjing og omarbeiding av grammatikken frå 1811. Det som dannar utgangspunktet for denne omarbeidinga er dei nye synspunkta på norrønt språk som Rask presenterer i prisskriftet frå 1818 (*Undersøgelse*) (Markey 1976: xxxiii).

Rask blir som nemnt rekna som ein av grunnleggjarane av norrøn språkvitenskap (Finnur Jónsson 1918: 63; Holm-Olsen 1981: 49). Men viss me ser på desse tre arbeida om norrønt språk, er det klart at dette primært gjeld fonologi og morfologi, og i liten grad syntaks.<sup>3,4</sup> Syn-

<sup>1</sup> I grammatikkane til Rask og Munch og Unger inngår syntaksen som ein del av større grammatiske framstillingar, og representerer, som det går klart fram nedanfor, ikkje særleg vidtfemnande arbeid om norrøn syntaks. Når eg likevel tar dei med, er det fordi dei så vidt eg kan sjå er dei første arbeida som i det heile legg fram noko om dette emnet. Dei står på denne måten som viktige utgangspunkt.

<sup>2</sup> Eiríkur Rögnvaldsson og Höskuldur Þráinsson 1990 nemner også Holmboe 1851, som ikkje er med i oversynet nedanfor. Heller ikkje arbeid om syntaks skrivne utanfor Norden eller innføringsgrammatikkar, med unntak av dei som er nemnde i fotnote 1, er tatt med. Vidare har eg sett bort frå syntaktiske opplysningar i ordbøker, primært fordi desse ikkje gir noka samla framstilling av norrøn syntaks. Men, som det går fram av del 2, er ordbøkene interessante i faghistorisk samanheng: Marius Nygaard diskuterer fleire stader syntaktiske opplysningar henta frå desse.

<sup>3</sup> I det følgjande tar eg utgangspunkt i den svenske utgåva (1818b). Skilnadene mellom denne og den danske originalen frå 1811 er få og relativt ubetydelege. Rask har på enkelte punkt stroke avsnitt frå 1811-utgåva, på andre punkt har han føyd til avsnitt, f.eks. har 1818-utgåva eit kapittel om ellipse som manglar i 1811.

<sup>4</sup> Ein viktig skilnad mellom dei to arbeida til Rask finn me i fororda. I 1818b har Rask fjerna det som står om oppbygginga og innhaldet av grammatikken. Derfor kjem eg til å referere til forordet i 1811.

taksen i *Anvisning* står som del 4. Denne delen utgjør 27 sider av totalt 292, og har sju kapitler. Overskriftene til disse er: "Allmän öfversigt" (3 s.), "Substantivernas förbindelse" (2 s.), "Adjektivernas förbindelse" (1 ½ s.), "Pronominernas förbindelse" (4 ½ s.), "Verbernas förbindelse" (7 s.), "Om partiklarna" (7 ½ s.), "Om ellipser" (1 ½ s.). I innleiingskapitlet skildrar Rask norrønt som eit språk med korte, kraftfulle setningar, som viser friare leddfølgje enn dei moderne nordiske språka. I dei neste to kapitla, om syntaksen til substantiv og adjektiv, tar han opp ulike forhold, som rekkefølgje på adledd og kjerne, kongruens mellom modifikator og kjerne. Vidare drøftar han kasusbruk, eit emne som utgjør størstedelen av desse to kapitla.

Kapitlet om syntaksen til pronomen dreier seg for det meste om korleis ulike norrøne pronomen blir brukte. I kapitlet om verbsyntaks er det igjen kasusbruk som er hovudemnet. I tillegg finn me her Rasks observasjonar om tempus og modus.

Karakteristisk for framstillinga av norrøn syntaks i Rask 1818b er ein gjennomgåande mangel på struktur. Vidare er utvalet av syntaktiske fenomen som blir drøfta, tilfeldig. At Rask sjølv var klar over desse manglane, er eit forhold eg skal vende tilbake til i del 2 av artikkelen.

## 1.2 Munch og Unger (1847)

Munch og Ungers *Det oldnorske Sprogs eller Norrønäsprogets grammatik* kom i 1847. Det ser ut til å vere semje om at Munch stod som hovudforfattar av boka (Olsen 1911: 319; Hertzberg og Hovdhaugen 1980: 19), noko som blir underbygd av det faktum at Munch står som eineforfattar av den reviderte utgåva som blei omsett til svensk og utgitt i 1849 (Munch 1849). Boka er på 120 sider, der syntaksdelen med tittelen "Det vigtigste af Ordføiningslæren" utgjør 17 sider. I framstillinga av lyd- og formlæra avvik denne boka frå Rask 1818b ved å byggje på Grimms *Deutsche Grammatik* (sjå også Olsen 1911: 320). På den andre sida er syntaksframstillinga ikkje nemneverdig forskjellig frå forgjengarens. Disposisjonen er i store drag som hos Rask, med følgjande avsnitt: "Om Nomina og Pronomina" (5 s.), "Om Verberne" (5 s.), "Om Partiklerne" (6 s.), "Om Udeladelser" (¾ s.).

I kapitlet om nomen og pronomen tar forfattarane opp emne som kongruens mellom substantiv og adjektiv, pronomenbruk, artikkelbruk, og ulike observasjonar om kasusbruk. Munch og Unger skriv også nokre linjer om forholdet mellom grammatisk og naturleg kjønn

ved substantiv, som manglar hos Rask.<sup>5</sup> Kapitlet om verb inneheld paragrafar om rekkefølga på subjekt og verb, om tempus og modus, om perifrastisk passiv, om refleksive verbformer, og meir om kasusforhold. Nektingsord/-uttrykk, preposisjonar, relativpartikkelen og konjunksjonane *en* og *ok* er emnet for kapitlet "Om Partiklerne". I det siste kapitlet presenterer forfattarane ulike former for ellipse.

Heilskapsinntrykket av Munch og Ungers syntaksframstilling er det same som ved Rasks: Ho inneheld eit tilfeldig utval syntaktiske fenomen, og er lite strukturert. Også i dette tilfellet var forfattarane klare over problemet, og gjør lesaren merksam på det i forordet (sjå del 2).

### 1.3 Georg Frederik Vilhelm Lund (1862)

Nygaard 1905 var ikkje den første heilskaplege framstillinga av norrøn syntaks. Alt i 1862 kom *Oldnorsk ordføjningslære* av Georg Frederik Vilhelm Lund (1820–1891). Lund var dansk, født på Sjælland, studerte klassiske språk ved Universitetet 1837–45, og var rektor i Ålborg og Århus i ei årrekke. Storparten av den vitskaplege produksjonen hans er retta mot gresk og latin.

Samanlikna med Rasks og Munch og Ungers grammatikkar, representerer Lund 1862 noko nytt innanfor norrøn syntaks, ikkje berre når det gjeld breidda, men også i mengda av eksempel han byggjer generaliseringane sine på. På den andre sida, nettopp fordi forgjengarane hans var så lite opptatte av syntaks, stod han utan noko klart mønster for korleis han skulle byggje opp ein framstilling av norrøn syntaks. Ein mal for arbeidet fann han i J. N. Madvigs latinske og greske syntaksar (Lund 1862: iv). I motsetnad til forgjengarane sine har han altså medvite søkt og funne ein måte å disponere stoffet på som han meinte ville fungere.

Når det gjeld oppbyggnad, følgjer Lund som nemnt Madvigs skjema. Boka er inndelt i tre hovuddeler. Den første, med tittelen "Om sætningens bestanddele og deres indbyrdes overensstemmelse", tar for seg dei enkelte setningsledda, og forholdet mellom dei. Han tar til med forholdet mellom subjekt og predikat, og drøftar i samband med dette subjektslause konstruksjonar og kongruensforhold. Deretter tar han for seg kasusbruk, med fyldige framstillingar av bruken av dei fire

<sup>5</sup> Ei tilsvarande framstilling finst også hos Wisén 1865. I begge arbeida er det god grunn til å rekne med at Grimms *Deutsche Grammatik* (Grimm 1819–37) er førebiletet. I denne finn me tilsvarande avsnitt om genus. At både Munch og Unger og Wisén hyppig refererer til Grimm, stør denne tanken.

kasus. Denne delen inneheld i tillegg kapittel om preposisjonar, den refleksive verbalform, syntaksen til adjektiv og adverb, og bruken av påpeikande pronomer og relative konjunksjonar.

Emnet for den andre hovuddelen, "Om sætningers forhold, især om betegnelsen af udsigelsens måde og det udsagtes tid", er modus og tempus. Her legg Lund stor vekt på å beskrive bruken av konjunktiv. Vidare inneheld dette hovudavsnittet kapittel om infinitiv, partisipp, og forholdet mellom setningar, som sideordning og underordning.

Den siste hovuddelen er ein beskrivelse av leddfølgje og av ulike forhold mellom setningar. Lund startar her med det han kallar "regelrett" ordstilling, og gir deretter eksempel på avvik frå denne. I kapitlet om setningsfølgje går han etter det same skjemaet.

Etter dei tre hovuddelane følgjer eit tillegg som har eit kapittel om ellipse, pleonasme og anakoluti, og eit om tydinga til og bruken av pronomer og artiklar.

Sjølv om Lund i den overordna disposisjonen avvik frå forgjengarane sine, har han på ingen måte frigjort seg frå ein tradisjonell ordklassebasert syntaks. Innanfor dei to første hovuddelane er det igjen ordklassar som er det grunnleggjande disposisjonsprinsippet. Syntaksen til substantiv er framstilt i dei tre kapitla om kasus. Tilsvarende står kapittel om verbet både i første og andre hovuddel. Det som i tillegg til omfanget gjør dette arbeidet til noko meir enn syntaksen hos forgjengarane, er først og fremst den tredje hovuddelen, der Lund drøftar setninga og forholdet mellom dei enkelte setningsledda. Her kan me også leggje til at Lunds omfattande eksempelsamling viser syntaktiske mønster frå svært mange og sjangermessig ulike kjelder, noko som har sin verdi også i dag.

#### 1.4 Theodor Wisén (1865)

Theodor Wisén (1835–1892) tok si filologiske grunnutdanning innanfor klassiske språk, og var frå 1862 dosent i gresk språk og litteratur ved Universitetet i Lund. Frå 1865 blei han professor i nordiske språk ved same universitet, og det er innanfor dette feltet, med vekt på norrøn filologi, me finn hovudtyngda av Wiséns produksjon.

*Om Ordfogningen i den äldre Eddan* (Wisén 1865) er ei avhandling på rundt åtti sider, som tar opp emne innanfor det same området som Nygaard 1865–67: syntaksen i eddadikt. Wisén tar til med ei lengre drøfting av forholdet mellom grammatisk og naturleg kjønn ved substantiv. Her blir også numerusforhold ved substantiv drøfta. Vidare

tar Wisén innleiingsvis opp emne som sterk og svak bøyning av adjektiv og leddstillingsforhold i nominalfrasar, alt med utgangspunkt i eksempel frå Eddadikt.

Etter denne innleiinga gir Wisén eit oversyn over forholdet mellom subjekt og predikat, kva som kan vere subjekt, og kva ledd som kan inngå i predikatet. I samband med dette finn me også ei utgreiing av kongruensforhold, enkelte aspekt ved pronomener i eddadikta, og upersonlege konstruksjonar.

Neste punkt i Wiséns framstilling handlar om kasus. Her tar han for seg ulike bruksmåtar av dei fire kasus. Vidare drøftar han komparasjon, bruk av talord, utelating av personlege pronomener og den svært sjeldne bruken av suffigert artikkel.

Siste delen av Wiséns avhandling tar opp forhold ved verbet. Her er avsnitt om refleksivforma av verb, tempus, modus, infinitiv og bruken av partisipp. Under avsnitta om konjunktiv gir han eit oversyn over ulike setningstypar i eddaspråket. Til slutt står korte presentasjonar av konjunksjonar, nektingsord og enkelte aspekt ved leddfølgje.

Sjølv om Wisén følgjer ein viss plan i framstillinga si, er ikkje arbeidet alltid like veldisponert. I innleiinga skriv han at han følgjer Lunds (1862) disposisjon, men tilfellet er at han bare periodevis gjør dette. Dei første 15 sidene tar opp emne som ikkje har tilsvarande avsnitt hos Lund. Dette er Wisén klar over, og på side 16 skriv han at frå dette punktet følgjer han Lunds disposisjon. Dette gjør han også gjennom avsnitta om forholdet mellom subjekt og predikat og om kasusbruk. Men etter dette tar han opp ein del emne (komparasjon, bruken av talord, utelating av personlege pronomener) som har ein heilt annan plass hos Lund.

I framstillinga av syntaktiske forhold ved verb, følgjer Wisén igjen Lunds disposisjon. Her kan me også merke oss at Wisén medvite utelet emne der han meiner Lunds syntaks gir eit tilfredsstillande bilete av forholda også i eddadikta.

### 1.5 Guðbrandur Vigfússon (1866)

Guðbrandur Vigfússon (1827–1889) studerte både klassisk og norrøn filologi ved Universitetet i København, men arbeidde for det meste innanfor det sistnemnde området. Han står som utgivar av ei rekke tekstutgåver, og er kanskje mest kjend som medforfattar av *An Icelandic-English Dictionary* (1874). Artikkelen "Remarks upon the use of the reflexive pronoun" (1866) inneheld i tillegg til fonologiske, morfo-

logiske og semantiske opplysningar om refleksivpronomen, også avsnitt om syntaksen deira. Det sentrale i desse er ein presentasjon av reglane for binding av refleksive pronomen.

Eit problem med denne artikkelen er at forfattaren ikkje skil mellom norrønt og moderne islandsk. Når det likevel er mogleg å skilje eksempla frå dei to språkstega frå kvarandre, er det fordi han til ein viss grad markerer kjeldene for dei norrøne eksempla. Dette problemet finn me også i den ordboka han var medforfattar til (Cleasby og Guðbrandur Vigfússon 1874).<sup>6</sup>

## 1.6 Marius Nygaard

Marius Nygaard (1838–1912) arbeidde i heile si yrkeskarriere i skolen, dei siste åra som rektor i den høgare skolen. I tillegg var han ein aktiv politiskar, og var særleg opptatt av skolepolitiske spørsmål. Som det går fram av innleiinga ovanfor, er Nygaard den syntaktikaren som står som forfattar av dei fleste syntaktiske arbeida i siste halvdel av hundreåret. Mange av desse inngikk seinare — i meir eller mindre omarbeidd form — i Nygaards hovudverk, *Norrøn syntax*, frå 1905. I den følgjande presentasjonen legg eg ein del vekt på å jamføre Nygaards artiklar med dette arbeidet.

### 1.6.1 Nygaard 1865–67

*Eddasprogets syntax I og II* (Nygaard 1865–67) tar opp same emne som Wisén 1865, og er eit forsøk på å gi ei brei framstilling av syntaksen i Den eldre Edda. Av forordet til del II går det fram at forfattaren sjølv er klar over at arbeidet er mangelfullt på visse punkt, utan at han presiserer desse manglane nærmare.

Arbeidet består av to hovuddelar. Første delen har sju kapittel, som tar for seg akkusativ (I), dativ (II), genitiv (III), artikkelen (IV), refleksive verbformer (V), konjunktiv (VI) og relativkonstruksjonar (VII). Den andre delen dreier seg for det meste om forhold knytte til verbet og inneheld 5 kapittel: Indikativ (I), passiv (II), imperativ (III), infinitiv (IV) og nektingsord og -uttrykk (V).

Med unntak av det siste kapitlet i del II, tar Nygaard opp dei same emna i *Norrøn syntax*. Det som skil dei to arbeida er strukturen til dei

<sup>6</sup> Kjartan G. Ottósson 1988: 143 peiker på at dei verkelege forfatarane av denne ordboka var Konráð Gíslason og Guðbrandur Vigfússon.

enkelte kapitla, som er enklare i *Eddasprogets syntax*. Som eit eksempel kan me ta framstillinga av konjunktiv. I 1865–67 er strukturen i dette kapitlet mindre hierarkisk, ved at Nygaard i liten grad byggjer opp kapitlet gjennom eit sett med overordna kategoriar, f.eks. ved inndelinga av underordna setningar.

I 1905 er strukturen i framstillinga av konjunktiv meir oversiktleg, og byggjer på ein meir utstrakt bruk av slike overordna kategoriar. Denne utviklinga mellom dei to arbeida kjem konkret til uttrykk i nokre av dei artiklane Nygaard publiserte i mellomtida. Som eg skal vise nedanfor, er framstillinga av konjunktiv i Nygaard 1883–86 svært lik den me finn i *Norrøn syntax*.

Ein viktigare skilnad mellom dei to syntaksane til Nygaard ligg i eksempelmaterialet. Mens han i *Norrøn syntax* legg stor vekt på at målet er å gjøre greie for syntaksen i den originale norrøne prosalitteraturen, er målet i *Eddasprogets syntax* å framstille syntaksen ikkje i prosa men i poesi. På denne måten utfyller dei to arbeida kvarandre.

Som eg alt har peikt på, er Nygaard 1865–67 og Wisén 1865 parallelle i den forstand at dei drøftar syntaktiske forhold innanfor ein og same sjanger: eddadiktinga. Men det er fleire skilnader mellom dei to arbeida; her skal eg kort kommentere to. For det første er Nygaards framstilling meir veldisponert enn Wiséns. Sjølv om Nygaard på ingen måte sjølv har funne opp den ramma som ligg til grunn for *Eddasprogets syntax*, har han nytta ho på ein gjennomtenkt måte. Wisén, derimot, prøver å følgje Lunds disposisjon, som i seg sjølv er god, men maktar det ikkje. Konsekvensen er at framstillinga blir vanskeleg å følgje.

Dei to arbeida skil seg også i omfang. Nygaard tar opp fleire emne, og har mellom anna meir utførlege drøftingar av infinitivssyntaks og relativkonstruksjonar. Også når det gjeld kasus, særleg dativ, går Nygaard meir i detalj.

### 1.6.2 *Nygaard 1878*

Emnet for “Betydningen og Brugen af Verbet *munu*” er vel i like stor grad leksikografisk som syntaktisk. Nygaard tar her utgangspunkt i framstillingane av tydingane til verbet *munu* i fleire ordbøker (Sveinbjörn Egilsson 1860, Jonsson 1863, Fritzner 1867, Cleasby & Guðbrandur Vigfússon 1874 og Schlyter 1877) og hevdar at dei er mangelfulle. Vidare kritiserer han framstillinga i Lund 1862. Kritikken rettar seg først og fremst mot at desse arbeida ikkje får fram alle tydingane

til *munu*. Konsekvensen av dette, seier Nygaard, er at det er vanskeleg å etablere nokon samanheng mellom dei ulike tydingane.

Nygaards viktigaste mål med artikkelen er å vise at det er mogleg å slå fast ei grunntyding av verbet, og at dei andre tydingane kan avleiaast frå denne (1878: 265). Grunntydinga han stiller opp er "agte, have i sinde". Ein svekka variant av denne tydinga, "være tilbøielig til", finst ved verb som *tro*, *mene*, *ville*. Frå begge desse når han fram til meir temporale tydingar, der grunntydinga, "hensikt", likevel til ein viss grad er til stades. Desse temporale tydingane karakteriserer Nygaard slik: "være i ferd med" og "pleier at ske".

Ved dei nemnte tydingane reknar Nygaard med at *munu* er eit full-verb. Men frå dette skil han ut to sekundære tydingar, der verbet må sjåast som eit hjelpeverb. I det eine tilfellet er *munu* eit temporalt hjelpeverb, som uttrykker nåtid eller framtid, i det andre eit modalt hjelpeverb, som uttrykker "Formodning".

I siste avsnitt av artikkelen tar Nygaard opp bruken av *munda/mynda* som alternativ til preteritum konjunktiv med potensial tyding. I denne delen drøftar han også kor sannsynleg analysen hans er. Det springande punktet er om ein kan godta at eit og same verb har spalta seg i to så forskjellige bruksmåtar (temporalt og modalt). Som støtte for denne oppfatninga peiker Nygaard på tilsvarande utviklingar i gresk og tysk.

I Nygaard 1905 er denne artikkelen komprimert til to merknader under § 177, "Futurum" (merknad 1 og 2). I tillegg kjem to paragrafar (189 og 195) om *munda/mynda* som alternativ til potensial konjunktiv. I 1905 er dei same tydingsvariantane nemnt, men drøftinga rundt dei og referansane til ordbøkene manglar. Også talet på eksempel er skore ned, særleg når det gjeld eksempel frå eddadikt.

At ein artikkel på 44 sider er redusert til to merknader i *Norrøn syntax* kan vere ei følgje av at artikkelen som nemnt er meir leksikografisk enn syntaktisk retta. Her skil dette arbeidet seg frå andre av Nygaard, som (med unntak av 1865–67) i stor grad inngår uendra i *Norrøn syntax*.

### 1.6.3 Nygaard 1879

Nygaard 1879, "Om Brugen af det saakaldte Præsens Particip i Oldnorsk", gir ein presentasjon av ulike bruksmåtar av presens partisipp i norrønt. Modifikasjonen "saakaldte" i tittelen er eit utslag av Nygaards tvil på om det er rett å sjå desse formene som partisipp, eller om dei heller skal klassifiserast som adjektiv (1879: 226 f.).

Nygaard hentar i denne artikkelen eksempel frå tre ulike sjangrar: Eddadikt, originale prosaverk, og omsette/bearbeidde verk.<sup>7</sup> Her representerer eksempla altså eit breiare snitt av den norrøne litteraturen enn det me finn i seinare artiklar av Nygaard.<sup>8</sup> Artikkelen skil mellom to hovudgrupper av presens partisipp, dei med aktiv tyding og dei med passiv tyding. Presens partisipp med aktiv tyding uttrykker ei handling som "værende eller foregaaende" (s. 203), og finst først og fremst ved intransitive verb. Nygaard gir mellom anna desse eksempla på presens partisipp med aktiv tyding:

*Grátandi* Grimhildr greip við orði  
Hann fagnaði henni *hlæjandi*

Aktive partisipp fungerer typisk som apposisjon, attributt eller predikativ. Vidare er presens partisipp med aktiv tyding av transitiv<sub>2</sub> verb vanleg, særleg i omsett og bearbeidd litteratur. Også her kan partisippet fungere som apposisjon, predikativ eller attributt (det s:ste er svært sjeldent). Substantivisk bruk av presens partisipp føreljem i liten grad i originale prosaverk, noko meir i eddadikt, og er svært hyppig i omsett og bearbeidd litteratur.

Den passive tydinga av presens partisipp finn me bare ved transitive verb. Karakteristisk for denne bruken av partisippet er å uttrykke at det er mogleg, ønskeleg eller nødvendig å utføre den handlinga som partisippet denoterer, jf. desse eksempla frå Nygaard:

at leita ef þaðan væri *byggjanda* landit  
Væri hánú nú vel *gøranda* at hjálpa nokkut at þínu máli

Normalt fungerer presens partisipp med passiv tyding som predikativ eller attributt.

Framstillinga av bruken av presens partisipp er i store dræg den same som me finn i *Norrøn syntax*. Ein skilnad er at i den sistnemnde er eksempel frå eddadikt skorne kraftig ned i forhold til artikkeen frå 1879. Vidare er avsnittet om partisipp med aktiv tyding av transitive verb omdisponert i *Norrøn syntax*, slik at vekta ligg meir på bruken i

---

<sup>7</sup> Den språklege stilen som er karakteristisk for dei to siste gruppene av tekstar, kallar Nygaard i seinare arbeid (1896a; 1905) folkeleg stil og lærd stil. I det følgjande ryttar eg termen "sjanger" når eg refererer til desse tre gruppene (poesi, klassisk prosa og omsette/bearbeidde verk).

<sup>8</sup> Men sjå avsnitta om presens partisipp i Nygaard 1905; her er framleis eksempel frå ulike sjangrar representerte. Dette blir også kommentert i det følgjande.

tekstar skrivne i folkeleg stil. Begge desse endringane frå 1879 til 1905 er det rimeleg å sjå som ei følge av det val av materiale Nygaard gjør i *Norrøn syntax*.<sup>9</sup>

I siste delen av artikkelen kjem Nygaard meir inn på spørsmålet om sjanger og frekvensen av presens partisipp. Han refererer egne tal frå nokre få verk innanfor kvar sjanger som viser nettopp ei markert stigning frå verk skrivne i "klassisk" prosa, med svært få partisipp, via eddadikt, til omsette verk, som har mange partisipp. Han peiker også på at partisipp med passiv tyding er fråverande i eddadikt. Dette får han til å spekulere på om den aktive tydinga er meir opphavleg, utan at han gir noko eintydig svar.

Vidare drøftar han kor riktig det er å klassifisere desse formene som partisipp. Han viser at dei i liten grad samsvarar med "den almindelige definition" av partisipp (s. 226), sjølv om det også her er klar variasjon mellom ulike sjangrar.

#### 1.6.4 Nygaard 1883–86

Nygaard 1883, 1885 og 1886 har alle tittelen "Om brugen af konjunktiv i oldnorsk", og utgjør til saman ei avhandling på 125 sider om dette emnet. Nygaard demonstrerer her gjennom talrike eksempel ulike bruksmåtar av konjunktiv i hovudsetningar og bisetningar. Teksten fell i 6 hovuddelar: (1) Konjunktiv i hovudsetningar, (2) Betinga utsegner, (3) Substantiviske bisetningar, (4) Adjektiviske bisetningar, (5) Adverbielle bisetningar, (6) Konjunktiv i andre kontekstar.

Nygaard kjem ikkje med generelle synspunkt på kva konjunktiv er, men lar dette kome til synes gjennom opprekninga av ulike bruksmåtar. I første hovuddel tar han først for seg tydingane til konjunktiv i hovudsetningar, uttrykt ved hjelp av omgrepa optativ, hortativ og potensial. Han kjem vidare inn på forholdet mellom konjunktiv- og imperativformer av verb som uttrykk for oppfordring, og har mot slutten av denne delen eit oversyn over spesielle verb som står i konjunktiv i setningar med potensial tyding.

Den andre hovuddelen, om betinga utsegner, ville like naturleg ha høyrte heime under overskrifta adverbielle bisetningar. Når han likevel står for seg sjølv, kan vel dette ha å gjøre med det særlege sambandet som er mellom denne typen utsegner og potensial konjunktiv. Eit

---

<sup>9</sup> Når han likevel ikkje konsekvent held seg utelukkande til folkeleg stil, kjem dette truleg av at presens partisipp er mest frekvent i poesi og verk skrivne i lærd stil.

anna forhold som skil konjunktiv i betinga utsegner frå konjunktiv i andre leddsetningar er det forholdet at ved den førstnemnte står også hovudsetningas verbal i konjunktiv.

Også i denne delen blir ulike bruksmåtar rekna opp og illustrerte med eksempel, og kontrasterte med bruk av indikativ i betinga utsegner. Nygaard peiker vidare på at norrønt også viser alternative uttryksmåtar med verbet *munu*.

Dei siste fire delane av avhandlninga tar for seg konjunktiv i ulike typar bisetningar. I desse avsnitta legg Nygaard mindre vekt på å få fram semantikken til konjunktiv, og meir på å gjøre greie for kontekstar som konjunktiv førekjem i. Under avsnittet om substantiviske bisetningar blir verb som tar *at*-setningar og spørjesetningar med konjunktiv opprekna. Ved adjektiviske setningar er det forholdet mellom relativsetning og korrelat, og til ein viss grad modus i den overordna setninga som er avgjørande. I avsnitta om adverbelle bisetningar reknar Nygaard opp konjunksjonar som innleier setningar med konjunktiv.

Samanliknar me denne avhandlninga med framstillinga av konjunktiv i Nygaard 1905, vil me sjå at Nygaard har gjort svært få endringar utover å skjere kraftig ned på eksempeltalet. Dei fire delane om underordna setningar er nærmast identiske med §§ 271–321 i *Norrøn syntax*, mens me finn nokre fleire endringar i avsnitta om hovudsetningar og betinga utsegner. Her nyttar Nygaard fleire semantiske kategoriar i den nyaste framstillinga, ved å leggje “koncessiv” og “dubitativ” til dei tre andre. Andre endringar er av meir disposisjonsmessig karakter. Me finn også eksempel på at avsnitt er fjerna mellom dei to arbeida: Anm. 2, § 40 i 1883–1886 uttrykker tvil om tolkinga av ei gruppe eksempel; i 1905 er desse eksempla fjerna.

Ein annan skilnad ligg i at 1883–86 er fyldigare på enkelte punkt. Dette gjeld særskilt behandlinga av konjunktiv i bisetningar som er knytte til ein akkusativ med infinitiv. Her har Nygaard med fyldige beskrivingar av konstruksjonen akkusativ med infinitiv (merknad 3, § 37; merknad 3, § 39). Forklaringa på dette er ganske enkelt at han i 1905 kan vise til dei relevante avsnitta i same boka.

### 1.6.5 *Nygaard 1894*

I artikkelen “Udeladelse af subjekt; ‘subjektløse’ sætninger i det norrøne sprog (den klassiske sagastil)” (Nygaard 1894) byggjer Nygaard på eksempel henta frå tekstar skrivne i det han kallar “klassisk

fortællende prosa”.<sup>10</sup> Dette arbeidet inneheld fire hovudavsnitt, der dei to første tar for seg utelatne subjekt av 1.-3. person eintal og fleirtal. Det mest karakteristiske ved utelatne subjekt av denne typen er at dei har spesifikk, kontekstbestemt referanse, som i følgjande eksempel, der subjektet for *ráða* er koreferent med subjektet for *koma* og derfor utelate:

Skarphedin kom fótum undir sik ok røð þegar til í annat sinn

Det tredje hovudavsnittet oppsummerer innleiingsvis hovudpunkta i dei to første avsnitta, og kontrasterer desse med det karakteristiske for subjektutelating av den tredje typen, der subjektet ikkje har spesifikk referanse, men der “[...] taleren [...] lader subjektet ubetegnet, dels fordi han ikke rigtig ved, hvad navn han skal give dette, som handler, virker, er eller sker, dels fordi det forekommer ham uvigtigt og overflødig at nævne det” (Nygaard 1894: 13; Nygaards utheving). Dette kan dreie seg om ei ubestemt, handlande kraft ved verb som denoterer naturfenomen, sanseintrykk, førestillingar, hendingar bestemt av lagnaden eller liknande krefter (“tilfældet”), og til slutt uttrykk der “[situasjonen] (stillingen, forholdet, omstændighederne) i almindelighed underforstaaes navnlig som subjekt ved uttrykk som: svá (e-n veg o.l.) er [...]” (Nygaard 1894: 18).

Her er det interessant å leggje merke til at Nygaard reknar med eit underforstått subjekt ikkje bare ved setningar av typen *Svá segir í Tryggva flokki*, men også ved setningar som *Þegar er lýsti*, der subjektet er fortolka som ei kraft som er årsak til f.eks. naturfenomen. Nygaard forsøker i artikkelen å grunngi dette synet, noko som eg skal vende tilbake til etter karakteristikken av det fjerde hovudavsnittet hans.

Avsnitt 4 handlar om uttrykk der det er vanskeleg, men ikkje umogleg, å postulere eit underforstått subjekt. Her inkluderer Nygaard verb av typen *daga*, *myrkva*, *rigna*, *duna*, *geisla*. Vidare “*passiv af transitive eller intransitive verber for at betegne at virksomheden indtræder eller finder sted*” (Nygaard 1894: 24), dvs. setningar av typen *Var svá gert, sem Erlingr mælti*.

Framstillinga av subjektutelating i Nygaard 1894 er på det næraste identisk med den tilsvarande framstillinga i *Norrøn syntax*, men det finst to markerte avvik, der 1894 er fyldigare enn 1905. Det første gjeld drøftinga av generelle metodologiske spørsmål ved forskning på

<sup>10</sup> For ei drøfting av motiv for denne avgrensinga og andre metodologiske spørsmål som Nygaard tar opp i artikkelen, sjå avsnitt 2.4 nedanfor.

norrøn syntaks, som eg tar opp nedanfor i avsnitt 2.5. Det andre avviket er ei drøfting av omgrepet "subjektsløyse".

Dette spørsmålet dreier seg om setningar som *Pegar er lýtsti* har subjekt eller ikkje. Nygaard meiner dei har eit underforstått ubestemt subjekt, og spissformulerer dette synet i følgjande retoriske spørsmål, følgt av hans eige svar:<sup>11</sup>

Men gives der i virkeligheden sætninger, der er subjektsløse? Svaret maa i sin almindelighed blive benegtende, fordi det maa siges at høre til sætningens begreb, at *to* forestillinger forbindes. Der maa da altid være subjekt og prædikat (Nygaard 1894: 22).

Til grunn for dette standpunktet, at ei setning alltid har eit subjekt, ligg Nygaards oppfatning av kva eit subjekt er. Det er ikkje ein grammatisk kategori, men snarare ein logisk kategori (sjå her Nygaard 1905: 4). Setninga *Pegar er lýtsti* har dermed eit logisk subjekt, men kan aldri ha noko uttrykk for dette.

Når Nygaard kjem til det fjerde hovudavsnittet, maktar han likevel ikkje heilt å gjennomføre idéen om at alle setningar har eit (logisk) subjekt. Uttrykka som høyrer til denne kategorien er karakteriserte ved at "alt indesluttet i et enkelt led, det nemlig, som ellers er bærer af prædikatforestillingen alene" (Nygaard 1894: 22). Det som er karakteristisk for verb som *daga*, *våra* osv. er at dei denoterer at noko (f.eks. dag, vår) inntreffer.

Denne analysen reiser to problem: For det første vil eit uttrykk som *dagar* falle utanfor Nygaards karakteristikk av setningar, fordi det manglar (logisk) subjekt. Dette løyser Nygaard ved å rekne med at dei to "forestillingerne" subjekt og predikat (som logiske einingar) har "gaaet sammen i en uløselig forbindelse". Men dermed er Nygaard tilbake til ein analyse som føreset eit underforstått subjekt. Forskjellen skal vere at i det eine tilfellet, drøfta i Nygaards tredje hovudavsnitt, har me eit "frittstående" logisk subjekt, mens i tilfellet *dagar* er subjektet knytt "uløselig" til predikatet. Spørsmålet blir korleis det er mogleg å skilje mellom desse to typene av logisk subjekt.

Dette fører vidare til at det blir problematisk å skilje mellom setningar av typen *vårar* og setningar som *gerði myrkt*. Den første har eit underforstått subjekt som er "uløselig" knytt til verbet, mens den

---

<sup>11</sup> Ein moderne eksponent for dette synet finn me i Faarlund 1990: 145 ff., som hevdar at "[w]eather verbs and verbs like *kala*, *fýsa*, *minna*, and others may still be considered verbs where an agent is understood, but never expressed."

andre ikkje har det. Denne distinksjonen kan vere vanskeleg å sjå, og problemet blir større viss me ønsker å finne klare språklege kriterium for å skilje mellom dei to typane.

Ein indikasjon på at Nygaard sjølv finn denne distinksjonen problematisk går fram av at det fjerde hovudavsnittet i 1894 manglar i 1905, med den konsekvensen at verb som *daga*, *våra*, *rigna*, m.fl. ikkje er gjort greie for i *Norrøn syntax*.

### 1.6.6 Nygaard 1896a<sup>12</sup>

I tillegg til å stille opp karakteristiske drag ved ulike stiltypar i norrønt, tar arbeidet “Den lærde stil i den norrøne prosa” (Nygaard 1896a) opp eit viktig metodologisk spørsmål: Kva slags tekstar gir det beste biletet av den “ekte” norrøne språkforma? Nygaard tar her utgangspunkt i at den norrøne litteraturen har to åndshistoriske kjelder, ein europeisk — kyrkjeleg og skriftleg — tradisjon, og ein heimleg — verdsleg og munnleg — tradisjon.<sup>13</sup> Nygaard hevdar at dette skiljet kjem til uttrykk både i innhaldet og forma til den norrøne litteraturen, og han gir følgjande karakteristikkk av det litterære uttrykket for den heimlege tradisjonen, som han kallar folkeleg stil:

I den folkelige del av den prosaiske litteratur er det umiskjendelig at forfatterens forbillede er det munnlege foredrag, saaledes som det hadde utviklet sig i brug paa tinge og i anden offentlig forhandling samt i sagamændenes fortælling for en interesseret tilhørerkreds (Nygaard 1896a: 153).

Dette synet er på mange måtar forelda i dag, men på Nygaards tid var det ikkje kontroversielt. På den andre sida var det få andre som hadde tatt dette spørsmålet opp til diskusjon.

Den europeiske tradisjonen var opphav til ein litteratur med eit heilt anna uttrykk, eit uttrykk han gir namnet lærd stil. Nygaard karakteriserer det slik:

Uvilkaarlig flyder der i pennen mangt og meget, som efterligner eller minder om fremmed sprogbrug og literær smag. [...] tildels gjør den

<sup>12</sup> Denne artikkelen blir behandla meir fylldig enn dei andre arbeida av Nygaard. Grunnen til dette er primært at Nygaard her tar opp forhold som ikkje er drøfta i *Norrøn syntax*, og som ligg til grunn for val av kjelder i denne.

<sup>13</sup> Nemninga “tradisjon” må ikkje forståast som litterær tradisjon, men som ein allmennkulturell storleik.

“lærde stil” sig gjeldende lige til forskruet unatur og op til grænsen af uforstaaelighed [...] (Nygaard 1896a: 154).

Sjølv om det etter Nygaards syn normalt er enkelt å skilje mellom folkeleg og lærd stil, finst det og eksempel på litteratur, særleg utover på 1200-talet og seinare, som viser innslag av begge stiltypar. Vidare hevdar han at val av stil ofte er knytt til innhaldet i desse verka. Nygaards siktemål med dette arbeidet er å stille opp karakteristiske drag ved den lærde stilen i norrøn litteratur, men han gir ikkje noko oversyn over kva verk som hører til kva kategori (sjå her tillegget for eit oversyn over Nygaards kjelder).

Biletet han skisserer er i korte trekk slik: Det dreier seg først og fremst om fire område der lærd stil hyppig bruker former og konstruksjonar som er sjeldne i folkeleg stil:<sup>14</sup> Presens partisipp, perfektum partisipp, refleksiv verbalform, og relativpronomen. Når det gjeld presens partisipp, viser Nygaard at der folkeleg stil stort sett nyttar denne forma ved intransitive verb, står han i ei rekke ulike kontekstar — med ulik funksjon — i lærd stil.

Det same gjeld perfektum partisipp: I folkeleg stil blir det brukt til å danne aktivt og passivt partisipp, og i tillegg inngår det i perifrastiske verbalformar med *fá*, *geta*, *eiga*, *vinna*; i lærd stil finn me i tillegg perfektum partisipp også som apposisjon til subjekt og andre setningsledd, og med dativ kasus som ein parallell til latinsk dobbel ablativ (f.eks. *hverr man sigrask i bardaganum sjálfum hǫfþingjanum sigradum*).

Refleksive verbformer blir i lærd stil for det meste brukte med passiv tyding, noko som er sjeldant i folkeleg stil. Dette har ifølgje Nygaard latinsk førebilete, og han viser vidare til at det enkelte stader i *Heimskringla* finst refleksivformer med passiv tyding som etter hans syn er eit resultat av påverknad frå lærd stil.

Det siste karakteristikum ved lærd stil er bruken av relativpronomen og pronomen (*sá*) i tilknytning til relativpartiklane (*er*, *sem*). Dette er eit trekk som ikkje finst i folkeleg stil, der relativpartikkelen står aleine.

I tillegg til desse fire karakteristikka nemner Nygaard følgjande

---

<sup>14</sup> Jónas Kristjánsson 1981 går mot Nygaard 1896a på fleire punkt: For det første har ikkje Nygaard tatt med tekstar som det ville vere naturleg å inkludere i eksempel-materialet (først og fremst helgenvitaer); vidare tek han eksempla på lærd stil frå for få verk, slik at biletet han gir ikkje blir representativt for eit større antal norrøne tekstar. Til slutt hevdar Jónas Kristjánsson at skiljet mellom lærd og folkeleg stil ikkje er så skarpt som Nygaard framstiller det.

særdrag ved lærd stil, som i liten grad finst i folkeleg stil: substantiv som adjektivisk og adverbieill apposisjon (*Hann tók á sik manndóm sannr guð*), større bruk av objektspredikativ, dativobjekt ved verb som er samansette med *sam-* (*samriksja e-m*), refleksivformer av verb samansette med *af-* (*afkynjast e-m*), og verb som er samansette med *fyrir-* (*fyrirgleyma e-u*). I samband med dette nemner Nygaard at det i verk skrivne i lærd stil finst verb med dativobjekt som i folkeleg stil tar akkusativobjekt, igjen etter latinsk mønster (*hjálpna e-n* i staden for *hjálpna e-m*).

Vidare er substantiverte adjektiv i ubestemt form maskulinum som refererer til klassar av menneske, vanleg i lærd stil. Akkusativ med infinitiv blir nytta oftare og ved fleire verb. Der folkeleg stil ved denne konstruksjonen nyttar refleksivform av hovudverbet når subjekt og objekt er koreferente, nyttar lærd stil separat objektspronomen (*sagði sik vera Ólaf* i staden for *sagðisk*).

Til slutt tar Nygaard opp ein del skilnader som ikkje er knytte til bestemte konstruksjonar eller leksikalske einingar: Både setningar, setningssamband og ordforråd er enklare i folkeleg stil enn i lærd stil.

Eitt aspekt ved denne artikkelen er at han gir fyldige opplysningar om syntaktiske særdrag ved ein bestemt del av den norrøne litteraturen. Men viktigare er det at Nygaard her legg eit metodologisk grunnlag for valet av eksempelmateriale i *Norrøn syntax*. Dette kjem eg tilbake til i avsnitt 2.4 nedanfor.

### 1.6.7 Nygaard 1896b

Artikkelen "Kan oldn. *er* være *particula expletiva*?" er eit godt eksempel på at spørsmål som dreidde seg om norrøn syntaks blei diskuterte i denne perioden (sjå Jón Þorkelsson 1894 for eit anna eksempel). Utgangspunktet her var usemje om tolkinga av *er* i setningar som desse:

- (i) ok alt illt, þat er ek gerði með þinni áeggjan
- (ii) sáttar þinnar er ek vil snemma hafa

Sveinbjörn Egilsson 1860, Unger 1864, Cleasby og Guðbrandur Vigfússon 1874, Fritznér 1886 og Gering 1887 hevdar alle at *er* i slike tilfelle må reknast som eit ekspletivt element, altså eit element utan innhald. Denne bruksmåten av *er* blir sett som ein analogi til tilsvarende bruk i Den eldre Edda. Setningane over må ut frå dette synet sjåast som monoklausale heilsetningar med avvikande leddstilling; dei inneheld med andre ord ingen relativsetningar. Unger 1864 forklarar

dette avviket ved å hevde at *er* er innsett for å sikre subjektet plassen framfor det finitte verbalet også når det står eit adverbial eller objekt på første plass i setninga (Nygaard 1896b: 117).

Nygaard går mot dette synet, og viser til avhandlinga si om eddaspråkets syntaks (Nygaard 1865–67), der han hevda at *er* i slike setningar innleier relativsetningar og andre typar undersetningar, og “at for ettertryks skyld nogle ord, der skal udhæves, er stillede foran relativet” (Nygaard 1896b: 117 f.).

Det meste av artikkelen bruker Nygaard på ein diskusjon av utvalde eksempel frå poesi og prosa. Prosaeksempla hevdar han må vere feillesne eller eksempel på anakolutiar. Når det gjeld poesien viser han at dei fleste eksempla som opponentane legg fram, alle går i versemålet *ljóðahátt*, og har *er* i ein bestemt posisjon. Nygaard meiner det er lite sannsynleg at *er* som ekspletiv partikkel bare skal finnast i ein bestemt versposisjon. Vidare viser han at alle dei eksempla der ei ekspletivtolking av *er* er mogleg, også kan sjåast som ulike undersetningar, altså tilfelle der *er* fungerer som setningsinnleiar. Dermed er det lite som talar for å analysere *er* som eit ekspletivt element.

#### 1.6.8 Nygaard 1900

“Verbets stilling i sætningen i det norrøne sprog” (Nygaard 1900) er den trykte versjonen av eit føredrag Nygaard heldt på det nordiske filologimøtet i Kristiania i 1898. Artikkelen gjør greie for rekkefølgja på subjekt og finitt verbal i norrønt,<sup>15</sup> og fell i to hovuddelar. Den første er ei drøfting og kritikk av handlinga av det same emnet hos Munch og Unger 1847,<sup>16</sup> Braune 1894, Holthausen 1895 og Kahle 1895.<sup>17, 18</sup>

Nygaard legg størst vekt på framstillinga av rekkefølgja av subjekt og finitt verbal hos Braune 1894, som Nygaard meiner gir eit ukorrekt bilete av forholda i norrønt. Det mest problematiske er, ifølgje Nygaard, at Braune stiller opp mønster med verbet først i setninga som

<sup>15</sup> Nygaard presenterer også sitt syn på utviklinga av leddstilling frå urnordisk til norrønt. Dette blir drøfta med utgangspunkt i ei rekke runeinnskrifter (sjå tillegg). Vidare kjem han kort inn på forholdet mellom norrønt og dei moderne skandinaviske språka når det gjeld frekvensen av omvend ordstilling (dvs. rekkefølgja finitt verbal + subjekt).

<sup>16</sup> Nygaards kritikk av Munch og Unger 1847 er svært kort, og er referert i avsnitt 2.4 nedanfor.

<sup>17</sup> Nygaard peiker her på at Holthausen og Kahle bygger på Braunes framstilling.

<sup>18</sup> I ei etterskrift til artikkelen refererer og kritiserer Nygaard også Bernstein 1897.

det normale. Nygaard hevdar på den andre sida, med utgangspunkt i den omfattande eksempelsamlinga i siste del av artikkelen, at det normale er rekkefølgja subjekt + finitt verbal.

Nygaard tar opp ulike punkt i Braunes argumentasjon, og viser at eksempla som Braune nyttar som evidens for sine påstandar, kan tolkast på andre måtar. Eit eksempel på dette har me der Braune hevdar at eit *bá*, *nú* er proklitiske partiklar til verbet, og at setningar med slike partiklar først eigentleg har verbet på førsteplass. Nygaard tilbakeviser dette (s. 219), og hevdar at desse elementa er sterkt betona, og at slike setningar har verbet på andre plass.

Den andre hovuddelen er eit oversyn over rekkefølgja på subjekt og verbal i hovudsetningar (avsnitt I), imperativ- og konjunktivsetningar (avsnitt II), spørjesetningar (avsnitt III) og bisetningar (avsnitt IV). Denne delen gir den same informasjonen som tilsvarende avsnitt i *Norrøn syntax*, og blir ikkje kommentert ytterlegare her.

### 1.7 William Nygaard (1889)

William Nygaard (1865–1952) var son av Marius Nygaard og studerte filologi i eit par år før han gikk over i forlagsbransjen. Ei frukt av dei filologiske studiene er arbeidet “Det aktive upersonlige uttryk i den norrøne sagalitteratur” (1889). Dette tar, som tittelen indikerer, opp setningar som manglar (uttrykt) subjekt. Nygaard peiker først på det forholdet at ei rekke transitive verb kan inngå i upersonlege konstruksjonar, tilsynelatande utan nokon “bestemt forskjel eller endog blot nuance i uttrykkets betydning [...]” (s. 59). Når desse verba er brukte upersonleg, finst dei som oftast i presens eller preteritum, eller som infinitiv styrt av *skulu*, *munu*, *mega*, *þurfa*, jf. følgjande eksempel frå Nygaard 1889:

Berr oss at Íslandi  
Mér gaf þá sýn  
Skal mik hér drepa fyrir augum þér

Nygaard gir vidare eit oversyn over kva slags verb som kan inngå i upersonlege konstruksjonar, og peiker på at når desse verba blir brukte upersonleg, er det oftast i bestemte samanhengar, nemleg ved uttrykk som viser til naturfenomen, “skjæbnens tilskikkelser”, førestillingar, sinnsstemningar, “begynden, ophør, adskillelse”. Vidare ved enkelte sanseverb, og ved *segja*.

Denne klassifiseringa ser me igjen i ei meir detaljert form hos M. Nygaard 1894: 15 ff. og 1905: 14 f. I artikkelen frå 1894 viser M. Nygaard i to fotnoter til William Nygaards arbeid.<sup>19</sup>

I siste del av artikkelen forsøker Nygaard å stille opp meir generelle vilkår for bruken av desse konstruksjonane. Han reknar med eit underforstått subjekt ved alle desse verba, ikkje alltid like lett identifiserbart (i enkelte tilfelle lagnaden), og grunnen til at dette ikkje er uttrykt, er at "det væsentligste [er] at fremhæve handlingen i forhold til den gjenstand, hvorpaa den virker, medens det virkende subjekt er likegyldigt eller uvæsentligt " (s. 69). I samband med dette peiker Nygaard på den funksjonelle likskapen mellom passiv og upersonlege, aktive uttrykk, som begge inneber utelating av det logiske subjektet. Her ser det ut som om han byggjer på drøftinga av dette forholdet hos Nygaard 1865–67: 32, der liknande tankar er uttrykte.

### 1.8 Jón Þorkelsson

Jón Þorkelsson (1822–1904) var i ei årrekke knytt til latinskolen i Reykjavík, og arbeidde med ulike emne innanfor norrøn filologi. Når det gjeld språkvitskap var han særleg opptatt av morfologi, og i artikkelen "Infinitiv styret af præpositioner i Oldislandsk og Oldnorsk" (1894) også av syntaks. Her tar han opp eit punkt i Lunds (1862) presentasjon av infinitiv. Lund hevdar at infinitivledd bare kan vere styrte av preposisjonen *til* (og sjeldan *án*), men ikkje av andre preposisjonar. Mot dette presenterer Jón Þorkelsson eksempel som etter hans syn klart viser at også andre preposisjonar kan styre infinitivledd.<sup>20</sup> Følgjande preposisjonar er med i oversynet hans: *á, af, at, fyrir, í, i móti, við, yfir*.

I siste delen av artikkelen drøftar Jón Þorkelsson konstruksjonen pronomen og infinitiv, igjen som svar på Lunds (1862) analyse. I setninga *Allir jattu því at gera þetta samband* (Nygaard 1905: 227), ser Lund 1862 (og Nygaard 1905) infinitiven som ein apposisjon til pronomenet. Jón Þorkelsson leverer ein alternativ analyse, der han ser

<sup>19</sup> Dette er ein av dei få stadene M. Nygaard viser til andre arbeid utan å påpeike feil og manglar. Dette kan forståast slik at M. Nygaard i det heile går god for W. Nygaards framstilling. Men her er det heller ikkje urimeleg å rekne med at mangelen på kritikk kan ha samband med slektskapsforholdet mellom Marius og William Nygaard.

<sup>20</sup> Spørsmålet om infinitivledd som styring til preposisjon er kontroversielt. Nygaard 1905 følgjer Lund 1862 og Jón Þorkelsson 1894, mens Falk & Torp 1900: 204 skriv at "efter præpositioner brugtes infinitiv hverken i urgermansk eller i oldnorsk." Eg skal ikkje kome nærmare inn på denne diskusjonen her.

pronomenet som ei bøyingsending til infinitiven, med følgjande bøyingsparadigme for f.eks. infinitiven *at taka*: *þat at taka*, *því at taka*, *þess at taka*.

Jón Porkelsson leverer ikkje konkrete argument for denne analysen (bortsett frå ein analogi med greske infinitivar), og han går heller ikkje inn på dei klare problema med han.

## 2 Sentrale drag i norrøn syntaksforskning på 1800-talet

Med utgangspunkt i denne presentasjonen av arbeid om norrøn syntaks skal eg i det følgjande drøfte ulike aspekt som kjem til synes i denne litteraturen, og som kan gi oss eit bilete av kva stilling syntaksforskninga hadde på 1800-talet, først og fremst forskning på norrøn syntaks, men også syntaksforskning meir generelt. I avsnitt 2.1 ser eg nærmare på utviklinga av feltet frå Rask og fram til hundreårs slutt; i 2.2 drøftar eg denne utviklinga i lys av allmenn språkvitskap i denne perioden, og prøver å finne forklaringar på den underordna posisjonen feltet hadde samanlikna med forskning på fonologi og morfologi. I avsnitt 2.3 presenterer eg linjer i den syntaktiske debatten som kjem til uttrykk i arbeida presenterte i del 1, og fokuserer særskilt på forholdet mellom M. Nygaard og Lund. I 2.4 viser eg korleis metodiske spørsmål blei handterte i denne litteraturen.

### 2.1 Utviklingstrekk

Det biletet av forskning på norrøn syntaks som er presentert i del 1 viser ei gradvis utvikling frå dei relativt sporadiske framstillingane hos Rask (1811 og 1818b) og Munch og Unger (1847) til meir systematiske framstillingar av ulike deler av norrøn syntaks fram mot hundreårsskiftet. Trass i dette kan ein trygt slå fast at interessa for norrøn syntaks ligg langt tilbake for interessa for andre delar av det norrøne språket.

Både Rask og Munch og Unger var som nemnt klar over at dei hadde lite å fare med når det gjeld syntaks. Rask seier dette i forordet til 1811-utgåva:<sup>21</sup>

<sup>21</sup> Rask endra overskrifta på syntaksdelen frå 1811-utgåva til 1818-utgåva: Frå "Bemærkninger om Ordføjningen" til "Ordføjningslære", utan at endringane i innhaldet frå den eine utgåva til den andre kvalifiserer til ei slik namneendring.

Om den fjerde Afdeling har jeg intet andet at sige end at undskylde dens Ufuldkommenhed; jeg fandt her slet ingen Bidrag for mig, og den fordrede efter sin Natur en langt møjsommeligere Samlen end den forrige, hvortil jeg ligesaa lidet havde noget Forarbejde. Jeg vovede derfor ikke heller at give den Navn af Ordføjningslære, da den blot indeholder nogle Bemærkninger om de Ordforbindelser, som under Læsningen have været mig de mest paafaldende (Rask 1811: xlv f.).

Sjølv om Rask altså var klar over manglane i denne delen av grammatikken, er det likevel overraskande at han ikkje har lagt meir arbeid i å strukturere observasjonane sine, når me ser korleis han bygde opp resten av grammatikken sin.

Faghistorikarar frå dette hundreåret har heller ikkje vore særleg interesserte i Rasks framstilling av norrøn syntaks. Verken Finnur Jónsson 1918, Pedersen 1959 eller Diderichsen 1960 tar dette opp i sin behandling av Rask. Markey 1976 seier følgjande om syntaksdelen hos Rask, utan at han går i detalj:

[...] the sections on syntax are rudimentary, and it was not until the publication of Nygaard's *Norrön syntax* that the subject received exhaustive treatment with ample exemplification (Markey 1976: xxvii).

Vidare ser det ikkje ut til at denne mangelfulle beskrivelsen av norrøn syntaks blei oppfatta som eit problem utover i hundreåret. I forordet til grammatikken sin kjem Munch og Unger med ei forsiktig vurdering av Rask, men det dei vurderer er Rasks framstilling av fonologi og morfologi, ikkje syntaks (Munch og Unger 1847: iii). At Munch og Unger såg syntaksen som lite viktig går også fram av forordet deira:

I Syntaxen var det os saamegetmindre magtpaaliggende at levere noget aldeles udtømmende, som vi her endnu mere end i Flexionslæren kunde henvise til det i Talesproget Bestaaende, fornemmelig hvad hele Sætningers og Perioders dannelse angaar (Munch og Unger 1847: vi).

Munch og Unger reknar altså med at det ikkje var vesentlege skilnader mellom norrøn syntaks og syntaksen til det norske talemålet på 1800-talet. Bortsett frå at dette klart heng saman med forfataranes syn på forholdet mellom norrønt og norske dialektar (Munch og Unger 1847: iii), er det vanskeleg å sjå kva dei byggjer denne konklusjonen på.

Dette problemet blir enda meir synleg når me ser kva arbeida til Nygaard viser av forskjellar mellom dei to språktrinna.

Likevel var ønsket om ei meir omfattande framstilling av norrøn syntaks til stades midt på 1800-talet. Forfattaren av den første norrøne syntaksen, Lund 1862, skriv følgjande i forordet sitt:

Medens de øvrige dele af vort oldsprogs sproglære i de sidste 50 år, der ere forløbne siden Rasks fremtreden, ere fremstillede med grundighed og udførlighed af forskellige nordiske sprogforskere, har ordføjningslæren endnu aldrig været behandlet på en tilfredsstillende og udtømmende måde (Lund 1862: iii).

Og, som eg har vist ovanfor, gir Lund ei framstilling av norrøn syntaks som både i kvantitet og kvalitet ligg godt framom dei to forgjengaranes. For første gong blir emnet behandla i ein monografi, og ikkje som ein del av eit større arbeid. Lunds syntaks fungerte også til ein viss grad og på ulike måtar som basis for seinare syntaksarbeid. Wisén 1865 refererer hyppig til Lund, Jón Þorkelsson 1894 er eit direkte svar på eit konkret punkt hos han. Også Nygaard viser til Lund fleire stader. Forholdet mellom Nygaard og Lund skal eg vende tilbake til i avsnitt 2.3.

Målt etter talet på publiserte arbeid om norrøn syntaks, kan det sjå ut som om interessa for feltet aukar i andre halvdel av hundreåret. Men når me hugsar på at ein forfattar, Marius Nygaard, var ansvarleg for dei fleste av desse arbeida, ser me at dette ikkje er tilfellet. Det som aukar, som ein konsekvens av Nygaards innsats, er kunnskapen om norrøn syntaks. På område etter område presenterer han resultatata av forskingsarbeidet sitt, og det heile når eit høgdepunkt i 1905 med *Norrøn syntax*, ei bok som frå eit moderne synspunkt har sine manglar, men som likevel gir ein fyldig presentasjon av emnet, basert på klart uttalte metodologiske prinsipp (sjå avsnitt 2.4).

Det biletet som her kjem til synes, er at norrøn språkvitskap på 1800-talet bare i liten grad handla om syntaks. Dette manifesterer seg, som eg alt har peikt på, direkte gjennom få publiserte arbeid. Men me finn også fleire indirekte utslag av denne tendensen. Eitt av dei gjeld ei manglande interesse for å integrere nye synsmåtar i syntaktiske framstillingar. Syntaksdelen både hos Rask 1818b og Munch og Unger 1847 er bygd opp på grunnlag av ordklassar. Hertzberg 1990: 34 f. peiker på at dette var ein vanleg måte å disponere syntaksframstillingar på fram til 1800-talet, i stor grad fordi den grammatiske tradisjonen, med røter tilbake til antikken, primært var morfologisk orientert. Setninga og

forholdet mellom setningsledd blei i liten grad tatt opp. Likevel var ikkje denne tradisjonen einerådande: På nordisk grunn finn me alt på 1600- og 1700-talet grammatikarar som Peder Syv og Jens Høysgaard som til ein viss grad bryt med den klassiske tradisjonen, og med Jacop Badens *Grammatica latina* (1782) kjem læra om setningsledd inn i dansk-norsk grammatisk tenking saman med ein kritikk av den klassiske ordføyinglæra (Hertzberg 1990: 44 ff. og 55). Likevel er ikkje slike nye synsmåtar innarbeidde i dei to første syntaksframstillingane frå 1800-talet.

Det same inntrykket av interessedangel får me av Johann Fritznars melding av Munch og Ungers grammatikk (Fritzner 1847). Meldinga er på totalt 12 sider, mens omtalen av syntaksen er på ei side. I staden for å kritisere forfattarane for den mangelfulle behandlinga av norrøn syntaks, tar Fritzner utgangspunkt i det forholdet at syntaksen faktisk er mangelfull, og derfor ikkje verd å bruke særleg plass på i ei bokmelding.

Vidare veit me at dette ikkje bare råka norrøn syntaksforskning, men syntaksforskning generelt. Dette kan me sjå av korleis eit syntaktisk arbeid om latin frå denne tida blei mottatt. I 1843 kom Ludvig Cæsar Martin Auberts "Om Læren om Sætningsforbindelsen og Indeling af de forskjellige Stilarter fornemmelig med Hensyn til det latinske Sprog". Ifølgje Hertzberg og Hovdhaugen 1980: 28 vekte denne artikkelen lita interesse, trass i at den etter deira oppfatning "[...] antagelig [er] det viktigste bidrag til syntaktisk teori utgitt av noen norsk lingvist på 1800-tallet". Til samanlikning kan me peike på at C. A. Holmboes arbeid innanfor komparativ lingvistikk (m.a. Holmboe 1848, 1851) sette i gang ein intens debatt (Holm-Olsen 1981: 87 f.).

For å oppsummere: Gjennom heile hundreåret var interessa for norrøn syntaks lita. I første halvdel av hundreåret kjem dette til uttrykk gjennom den tilfeldige behandlinga emnet fekk i dei to første framstillingane av norrønt språk, Rask 1811; 1818b og Munch og Unger 1847. I siste halvdel av hundreåret auka mengda av publiserte arbeid om norrøn syntaks. Når det likevel er vanskeleg å hevde at interessa for feltet blei større etter 1860, er det fordi ho i stor grad blei boren av ein person, Marius Nygaard, som også må reknast som den som forma feltet gjennom desse åra.

## 2.2 Bakgrunn

Den manglande interessa for norrøn syntaks hos nordiske lingvistar på 1800-talet kan ha fleire årsaker. Her ligg det nær å trekke linjer til den samtidige europeiske lingvistikken, der me finn ein tilsvarande tendens. Det som først og fremst karakteriserer dette hundreåret, er utviklinga av den komparative metoden. Pedersen 1959: 242 ff. deler denne utviklinga i to periodar: Den første inkluderer innsatsen til mellom andre Rasmus Rask, Franz Bopp og Jacob Grimm og når sitt høgdepunkt i August Schleichers *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen; kurzer Abriss einer Laut- und Formenlehre der indogermanischen Ursprache* frå 1861. I løpet av den andre perioden kjem junggrammatikarane på banen for fullt, og det er først med desse at syntaktiske spørsmål blir sette på dagsorden innanfor komparativ lingvistikk (Pedersen 1959: 244).

Tittelen på Schleichers arbeid er ifølgje Robins 1990 karakteristisk for Stand der Forschung på dette tidspunktet. Robins skriv:

[...] comparative and historical linguistics in the Indo-European field was now considered a fit subject for systematic presentation in a handbook setting out the position so far achieved (Robins 1990: 196).

Schleichers arbeid inneheld ikkje nokon separat del om syntaks. Her blir med andre ord syntaksen utelukka frå forskingsfronten. Den viktigaste årsaka til dette er nær knytt til det sentrale forskingsmålet innanfor komparativ lingvistikk, å etablere og grunngi slektskapsforhold mellom språk. Og det er klart at fonologiske og morfologiske forhold er betre eigna til å kaste lys over slike spørsmål enn syntaktiske forhold.

Er den svake representasjonen av norrøn syntaksforskning eit resultat av dei same føresetnadene og forskingsmåla, overførte på nordisk grunn? I stor grad er dette riktig: Det overordna målet både for kontinentale og nordiske lingvistar på 1800-talet var å utforske språkslektskap, og me finn klare metodiske band mellom dei to gruppene i denne perioden. Sjølv om Rask på mange måtar skil seg frå f.eks. Jacob Grimm, kan me sjå den same vektlegginga av ordet hos Rask, ikkje bare i dei norrøne grammatikkane hans, men også i dei meir allmenne teoriane hans om språk og språkslektskap. Diderichsen 1966: 316 ff. viser korleis Rask la morfologiske kriterium til grunn for sin teori om språkslektskap, mellom anna skilde han ut dei germanske språka på grunnlag av distinksjonen mellom sterke og svake verb. I ei

slik ramme er det lett å skjønne at syntaksen heller ikkje kom til å spele noka stor rolle i Rasks arbeid om enkeltspråk.

I Sverige blei den komparative metoden introdusert rundt 1850, først og fremst gjennom J. H. Rydqvist, seinare også Adolf Noreen og Axel Koch (Wollin 1988: 33). Mangelen på interesse for syntaks slår mellom anna ut i Adolf Noreens *Altnordische Grammatik*, som kom så seint som i 1884, skriven innanfor ei junggrammatisk ramme. Trass i at junggrammatikarane til ein viss grad også arbeidde med syntaks, består Noreens grammatikk bare av to hovuddeler, "Lautlehre" og "Flexionslehre".<sup>22</sup>

Kva så med norrønfilologar i Noreg på denne tida? Dei forskarane som arbeidde mest med norrønt språk midt på 1800-talet var Rudolf Keyser (1803–1864), Peter Andreas Munch (1810–1863) og Carl Richard Unger (1817–1897).<sup>23,24</sup> Desse, med Munch i spissen, står bak ein stor del av forskinga på norrønt språk på denne tida, og Munch kjende til og nytta komparativ metode i eiga forskning. Dette ser me mellom anna av forordet til Munch og Unger 1847: iii, der forholdet til Grimm er uttrykt. Samtidig er det klart at ingen av dei arbeidde særskilt med syntaktiske forhold. Me ser altså parallelle drag i forskning på norrønt og forskning på indoeuropeiske språk. Denne parallelliteten ser ut til å vere styrt av metodiske omsyn, men det er også mogleg å sjå djupare fellesdrag mellom dei to forskargruppene, knytte til meir allmennkulturelle og ideologiske tilhøve. Robins 1990: 190 peiker på at dei tyske komparativistane var sterkt påverka av nasjonalromantiske strømmar, og såg på språket som eit uttrykk for nasjonal identitet og kultur. Dette finn me igjen på heimleg grunn, uttrykt mellom anna i Rudolf Keyzers avhandling *Om Nordmændernes Herkomst og Folkeslegtskab* (1839) (Holm-Olsen 1981: 63). Keyser er opphavsmannen til den såkalla innvandringsteorien, som i korte trekk går ut på at det norske folket kom austfrå og vandra inn i Skandinavia frå nord. Mykje av støtten for denne teorien finn Keyser i språklege forhold, og han skriv i avhandlinga frå 1839 at "[s]proget er [...] det skarpeste Udtryk af et Folks Eiendommelighed" (sitert etter Holm-Olsen 1981: 63).

P. A. Munch støtta innvandringsteorien, og det same synet på forholdet mellom språk og folk kjem til uttrykk i ei melding av Ivar

<sup>22</sup> Denne inndelinga finn me igjen i dei fleste av grammatikkane i *Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte*.

<sup>23</sup> Presentasjonen av Keyser, Munch og Unger byggjer på Holm-Olsen 1981.

<sup>24</sup> Seinare blir også Sophus Bugge (1833–1907) ein sentral person innanfor norrøn språkvitenskap, men heller ikkje han arbeidde særskilt med syntaktiske spørsmål.

Aasens *Det norske Folkesprogs grammatik* frå 1848: Denne grammatikken viser, ifølgje Munch, at "den ældgamle, mere end tusindaarige Norrønætunge endnu kraftigen lever og rører sig hos Folket" (sitert etter Holm Olsen 1981: 78 f.).

I avsnitt 2.1 peikte eg på at norrøn syntaks, trass i at talet på publiserte arbeid etterkvart auka, ikkje blei nokon stor forskingsdisiplin i Norden på 1800-talet. I dette avsnittet har eg forsøkt å knyte dette forholdet til den europeiske komparative lingvistikken, og konklusjonen må bli at dei som forska på norrønt språk hadde både eit metodisk og eit ideologisk fellesskap med dei europeiske komparativistane, som i begge tilfelle resulterte i at syntaksen blei liggande utanfor forskingshorisonten.

### 2.3 Syntaktisk debatt

Eg skal i dette avsnittet sjå nærmare på i kor stor grad syntaktiske spørsmål blei drøfta offentleg, dvs. i publiserte arbeid om syntaks. Kjeldene er igjen arbeida som er presenterte i del 1, og eg skal innskrenke meg til å peike på enkelte sider av dette spørsmålet. Først ser eg på utviklinga gjennom siste halvdel av hundreåret, deretter tar eg spesielt opp forholdet mellom Lund og Nygaard. Generelt kan me seie at fram til Lund (1862) blir syntaktiske spørsmål ikkje drøfta i det heile, noko som klart har samband med mengda av publiserte arbeid om norrøn syntaks. Eit eksempel på dette er Fritzners melding av Munch og Unger 1847, som ikkje ser den mangelfulle syntaksen deira som problematisk.

Men med utgivinga av Lunds syntaks endrar biletet seg. Wisén 1865 (sjå avsnitt 1.4) refererer stadig til Lund, og desse referansane er av to hovudtypar. Først viser han til Lund når denne gir tilstrekkelege opplysningar om syntaksen i Eddadikta. Dette gjeld f.eks. ved framstillinga av eigeomsgenitiv (Wisén 1865: 46). Men han viser også til Lund der han er usamd med han. Dette gjeld f.eks. ved spørsmålet om kva som gjeld som apposisjonar i eddaspråket (s. 16).

Også Jón Þorkelsson (1894) tar til motmæle mot Lund, som vist i avsnitt 1.8. Igjen står striden om eit konkret punkt, nemleg spørsmålet om preposisjonar kan styre infinitivuttrykk eller ikkje. Eit tilsvarende angrep på eit punkt hos Munch og Unger 1847 (§ 120) kjem til uttrykk hos Nygaard 1900: 212, der han viser at dei tar feil i si framstilling av norrøn ordstilling. Vidare tar Nygaard fleire gonger til motmæle mot syntaktiske opplysningar i ulike ordbøker (Nygaard 1878 og 1896b).

Med dette vender eg meg til forholdet mellom Lund og Nygaard: Lund gav ut sin syntaks i 1862, mens Nygaards kom i 1905. Ein kan her spørje om kva motiv Nygaard kan ha hatt for å publisere si bok når det alt fanst ei tilsvarande. Me kan med andre ord spørje om Nygaard hadde innvendingar mot Lunds syntaks på noko punkt. Dette ser ut til å ha vore tilfellet og ei gransking av Nygaards utsegner om Lunds syntaks kastar eit interessant lys på forholdet mellom Lunds og Nygaards syntaksar, og tener som ei nyttig bru over til drøftinga av metodologiske spørsmål i avsnitt 2.4.

Først kan me leggje merke til at Nygaard, som den mest produktive forfattaren i perioden, så godt som aldri viser til konkrete punkt hos Lund. Unntaket er artikkelen hans frå 1878, der me finn kritikk av Lunds behandling av verbet *munu*. Elles er Nygaards kommentarar til Lund meir generelle og ikkje alltid like forståelege. Desse kommentarane finn me i arbeida frå 1865–67 og 1894. Den første står i innleiinga til *Eddasprogets syntax* frå 1865, altså tre år etter Lund. Her seier Nygaard følgjande:

Efterat G. F. V. Lunds "Oldnordiske Ordføiningslære" (Kjøbenhavn 1862) er udkommen, kunde et Arbeide som dette synes overflødig. Men jeg lader det gaa i den Tanke, at det alligevel kunde være til Nytte, da det baade er udarbejdet uafhængigt af hint værk, og efter en forskjellig Plan (Nygaard 1865: iii).

Dette er ein svært forsiktig kritikk, om det i det heile er mogleg å tolke ei slik utsegn som kritikk. Men sett i lys av Nygaards seinare utsegner om Lunds syntaks blir biletet klarare. Der er det nettopp Lunds "plan" som blir kritisert. I artikkelen "Udeladelse af subjekt" frå 1894 skriv Nygaard:

Lunds Ordføiningslære er et værdifuldt og som den eneste fremstilling, der tilstræber fuldstændighed, et uundværligt hjælpemiddel. Hvad der kan indvendes mod den, er dels, at den i plan og form er lagt saa nær et bestemt mønster, at sprogets eiendommelighed ikke faar anledning til fuldt at udfolde sig, dels at den ikke skjelner tilstrækkelig mellem de forskjellige slags stil (Nygaard 1894: 2).

Den siste delen av denne kritikken er det ingen tvil om at Nygaard har mykje rett i, og dette synet har han grunnlagt i detalj i artikkelen frå 1896 (1896a). Og kjeldehenvisningane hos Lund (sjå tillegget) viser klart at Nygaards kritikk på dette punktet er berettiga.

Den andre delen av kritikken, som går på planen i Lunds syntaks, er

det vanskelegare å forholde seg til, fordi Nygaard er så lite eksplisitt. Men eg er ikkje i tvil om at dette må sjåast i forhold til at Lund nytta Madvigs syntaksar som mal for arbeidet sitt. Dette er eit poeng som blir tatt opp igjen av Kristensen 1938 og Finnur Jónsson 1918, her representert ved Finnur Jónssons vurdering:

*Syntaksen* er bleven behandlet af rektor G. Lund (1820–71): *Oldnordisk ordføjningslære* (1862), en bog der er fuldstændig skåren over Madvigs lat. syntaks og et efter omstendighederne respektabelt arbejde (Finnur Jónsson 1918: 72).

Ei samanlikning av Lunds og Madvigs syntaksar stadfester dette. Innholdslistene er stort sett identiske, med den forskjellen at Madvig nyttar latinsk terminologi der Lund har nordiske termar. Men det er likevel ikkje klart kva Nygaard ser som problematisk i Lunds disposisjon. Eit delvis svar på dette kjem til uttrykk i sitatet frå Nygaard 1894 ovanfor, der han indirekte — og i svært generelle vendingar — stiller opp idealplanen for ein norrøn syntaks, ein plan som bør yte det norrøne språkets syntaktiske “eiendommelighed” full rettferd. Dette må me også rekne med er eit av dei viktigaste motiva hans for å skrive ein ny syntaks over det norrøne språket.

Men viss me samanliknar disposisjonen i Lunds og Nygaards syntaksar er det ikkje særleg klart kva som er så revolusjonerande i Nygaards syntaks. Følgjande tabell (s. 115) viser ei samanstilling av innholdslista i dei to bøkene.<sup>25</sup>

Tabellen viser fleire ting. Nygaard tar opp fleire emne enn Lund. Vidare har passiv fått ei fyldigare behandling. Men på dei fleste punkta tar dei to arbeida med dei same emna, bare med ulik rekkefølge. I tillegg meiner eg Lund har vore heldigare med disposisjonen når han deler boka inn i tre hovuddeler, der Nygaard har ein “flatere” struktur.

Samtidig er det klart at sjølv om Lund kopierte Madvigs mal, stilte han seg ikkje ukritisk til ein slik framgangsmåte. Han var klar over farane her, og understreker i forordet at latinsk og norrøn syntaks skil seg frå kvarandre og følgjeleg må behandlast ulikt:

Med hensyn til lærebygningens plan er det klart, at der til fremstillingen af et sprogs ordføjningslære hverken kan lægges en allerede færdig, for et andet sprog udfunden og udført anordning til grund

---

<sup>25</sup> Overskriftene på dei tre hovuddelane er Lunds egne, den danske terminologien hans har eg erstatta med tilsvarande latinsk/norsk.

[...] eller i forvejen opstilles en form, den være så tankerigtig og med sig selv overensstemmende som man vil, med den fordring, at derefter det givne sprogs ejendommeligheder skal ordnes og forklares (Lund 1862: iv).

Legg her merke til at både Nygaard og Lund er opptatte av å arbeide etter ein plan som gjør at "sprogets ejendommeligheder" trer fram. I sjølvve boka drøftar Lund også konkrete forskjellar mellom latinsk og norrøn syntaks. Dette ser me mellom anna i avsnittet om infinitivssyntaks (s. 357 ff.), der Lund understrekar at forholda i norrønt og latin er forskjellige. Dermed er det vanskeleg å hevde at Madvigs mal har vore ei tvangstrøye for han.

Sjølv om Lund altså blei både lesen og kommentert av etterkomarane, er det tydeleg at boka ikkje har gjort noko sterkt inntrykk på den personen som står for brorparten av dei syntaktiske bidraga i perioden. At Lund var klar over og skuffa over responsen, går klart fram av nekrologen over han som blei trykt i *ANF* 8, 1892:

[Lund] ønskede at gøre et Forsøg paa at opnaa en Docentpost i Kjøbenhavn; han deltog i Konkurrencen, men som bekendt uden Held. Det var ham sikkert en ikke ringe Skuffelse, der ikke formindskedes ved, at Ordføjningslæren — tilsyneladende — ikke havde vakt fortjent Opmærksomhed (O. Lund 1892: 197).

Men, som eg alt har peikt på: Dette er kanskje like mykje eit uttrykk for den generelle mangelen på interesse for syntaks, som eit uttrykk for at boka var uinteressant eller dårleg.

## 2.4 Metodiske spørsmål

I forrige avsnitt viste eg at eit av Nygaards ankepunkt mot Lund 1862 var av metodisk art. I dette avsnittet skal eg følgje opp dette, og spørje i kva grad metodespørsmål blei drøfta i litteraturen om norrøn syntaks på 1800-talet, og også sjå nærmare på kva slags problem som blei tatt opp.

I den følgjande framstillinga fokuserer eg på tre metodespørsmål, som alle er til stades i denne litteraturen. Det første dreier seg om val av utgåver, når fleire parallelle var tilgjengelege (avsnitt 2.4.1); vidare ser eg på utsegner om kva slags språkform ei syntaktisk framstilling av norrønt bør byggje på (avsnitt 2.4.2). Til slutt tar eg opp meir generelle synspunkt på val av framgangsmåte som kjem til uttrykk i

Tabell 1. Disposisjonen i Lund 1862 og Nygaard 1905

Lund 1862	Nygaard 1905
	Indledning
1. Om sætningens bestanddele og deres indbyrdes overens-stemmelse	Sætningens dele Substantivernes ubestemte og bestemte form. Den efterhængte og foranstillede artikkel Adjektivet brukt substantivisk i ubestemt og bestemt form. Komparativ. Superlativ
1. Subjekt, predikat, upersonlige setninger	Overensstemmelse mellom subjekt og prædikat. Attribut og apposition.
2. Kasusbruk: Nominativ og akkusativ	Sammenligningsleeds kongruens.
3. Dativ	Pronomens kongruens
4. Genitiv	Nominativ
5. Preposisjoner	Akkusativ
6. Verbformene (sk-verb og rotverb)	Dativ
7. Adjektiv og adverb. Komparasjon	Genitiv
8. Bruk av påpekende/relative pronomen	Den reflexive verbalform Passiv Tidsformernes bruk (i indikativ i hovedsætninger)
2. Om sætningers forhold, især om betegnelsen af udsigelsens måde og det udsagtes tid	Indikativ, konjunktiv, imperativ i hovedsætninger. Betingede udsagn
1. Setningstyper/setningsforbindelser	Infinitiv
2. Indikativ og tempus	Præsens particip
3. Konjunktiv og tempus	Bisætninger
4. Imperativ	Fortids particip
5. Infinitiv	Indikativ og konjunktiv i bisætninger
6. Partisipp	Tidsformernes bruk i bisætninger
7. Konjunksjoner/spørsmål/nekting	Brugen af det reflexive pronomen
3. Om ordenes og sætningenes følge og stilling	Ordenes og sætningernes stilling
1. Ordenes følge i setningen	
2. Sætningenes stilling	
Tillæg	
1. Ellipse, pleonasmer, anakoluti	
2. Pronomenenes betydning/bruk	
Artiklens betydning og bruk	

desse arbeida (avsnitt 2.4.3). Eg ser i det følgjande bort frå Rask 1818b og Munch og Unger 1847, som ikkje tar opp slike spørsmål i det heile.

#### 2.4.1 *Val av utgåver*

I tilknytning til val av utgåver som grunnlag for syntaksforskning er det to spørsmål som er særleg viktige: Finst det i det heile pålitelege tekstutgåver, og viss slike finst, kva utgåve er vald. Halldór Ármann Sigurðsson 1983: 11 peiker på at svært få norrøne tekstutgåver er tilfredsstillande som kjelder for språkvitskapleg arbeid, særleg fordi utgivarar ofte fører inn skrivemåtar frå fleire handskrift utan å gjøre det klart når dette blir gjort. Dette problemet eksisterte sjølv sagt også på 1800-talet. Konsekvensen av ein slik utgivarpraksis er at det blir umogleg å vite kva slags handskrifter dei enkelte eksempla er henta frå.

Spørsmålet om val av utgåve var enklare på 1800-talet fordi det var færre parallelle utgåver å velje mellom. Likevel stod forskarane overfor reelle val i fleire tilfelle. Lund drøftar dette spørsmålet og meiner at det ideelle ville vere å arbeide direkte på grunnlag av handskrifter (Lund 1862: vii f.), men då dette ikkje var mogleg for han, tar han utgangspunkt i tekstutgåver etter følgjande rettesnor:

Men da jeg ikke kunde tænke på en vidløftig håndskriftsafbenyttelse [fotnote utelaten], blev dette atter for mig kun en afbenyttelse af de sikreste og bedste udgaver af disse skrifter, for saa vidt sådanne haves (Lund 1862: vii–viii).

Lund er konsekvent på dette punktet, ved i liten grad å nytte tekstar der det ikkje fanst tilfredsstillande tekstutgåver. Dette gjaldt mellom anna for *Heimskringla*, som han i liten grad har nytta, nettopp fordi det ikkje fanst “nöjagtige og paalidelige udgaver” (Lund 1862: viii).

Sjølv om M. Nygaard er den av 1800-talssyntaktikarane som er mest opptatt av metodiske spørsmål, har han lite å seie om val av utgåver. Ikkje i nokon av arbeida sine drøftar han dette spørsmålet på prinsipielt grunnlag, det nærmaste me kjem er 1894: 1, der han nemner at han har nytta dei nyaste utgåvene av islendingesogene.

På den andre sida tar Nygaard opp eit problem som gjeld tekstutgåver generelt. I 1900: 229 tar han opp spørsmålet om teiknsetting i utgåvene:

[...] en klar opfatning af forholdet [dvs. posisjonen til verbet i deklarativer hovudsetningar, KK] vanskeliggjøres ofte ved den interpunktion, som anvendes i udgaverne.

Dette er moglegvis enda ein konsekvens av mangelen på interesse for syntaks på 1800-talet. Det er lite sannsynleg at utgivarane tenkte på syntaktikarar då dei arbeidde med utgåvene. Samtidig må me vere klar over at teiknsetting i handskriftene kan ha påverka teiknsettinga i utgåvene.

#### 2.4.2 *Val av språkleg grunnlag*

Mens Lund formulerer eit klart standpunkt i spørsmålet om utgåver, er han mindre opptatt av kva del av den norrøne litteraturen som ville gi det beste biletet av norrøn syntaks. På dette punktet har M. Nygaard klart det mest gjennomreflekterte synet, og det er klarare formulert i dei seinare arbeida enn i dei tidlege. Ser me produksjonen hans under eitt kan me spore ei utvikling i dette standpunktet, ei utvikling eg skal gi eit kort omriss av.

I *Eddasprogets syntax* (1865–67) grunngir Nygaard valet av eddadikta som eksempel kjelde på denne måten:

Naar jeg [...] har henvendt min Opmærksomhed specielt paa Edda, har jeg gjort dette, dels fordi man her finder Sproget idetheletaget i dets ældste os bekjendte Skikkelse, dels fordi man i den oldnorske Literatur forresten neppe vil kunne udsondre et Afsnit, saa bestemt begrændset som det, der her frembyder sig af sig selv (Nygaard 1865: iv).

Det viktige for Nygaard i dette arbeidet er altså å finne syntaktiske særdrag ved ein klart avgrensa del av den norrøne litteraturen. Han reknar vidare med at eddadiktinga er knytt til ein relativt kort periode, slik at ein unngår problem med syntaktiske endringar over tid (1865: iii).<sup>26</sup>

Valet av eddadikt som kjelde er dermed først og fremst praktisk motivert, og ikke begrunna i noko syn på kva som gir det beste biletet av norrøn syntaks. Dette kan me samanlikne med kva han skriv i 1894: 2, der ambisjonane er større:

Jeg finder derfor nu, at det er den rigtigste framgangsmaade først at undersøge fænomenerne i saadanne skrifter, der viser den folkelige stil i dens største renhed, og saa anstille sammenligning paa den ene side med digtene og paa den anden side med de lærde verker.

<sup>26</sup> Dette standpunktet er som kjent ikkje ukontroversielt.

Her legg me for det første merke til at målet nå er å framstille syntaksen i alle sjangrar innanfor den norrøne litteraturen. Men viktigare er det at det er syntaksen i verk skrivne i “folkelig stil” som dannar utgangspunktet, og som skal vere samanlikningsgrunnlaget for syntaksen i andre sjangrar. Valet av “folkelig stil” som det primære grunn- gir han slik:

Idetheletaget tror jeg nu, at en fremstilling af den norrøne syntax bør gaa ud fra en nøiagtig iagttagelse netop af sprogbrugen i denne del af litteraturen. Udtryksmaaden her ligger det levende naturlige talesprog nærmest, og det synes, som om den idethele kommer dette saa nær, som det overhovedet lader sig gjøre i et skriftsprog (Nygaard 1894: 1).

Nygaard ønsker altså å kome syntaksen til det norrøne talemålet så nær som mogleg, og han meiner at sagalitteraturen her er den beste kjelda, fordi denne har “sit mønster i den munttlige fortælling” (1894: 1). Her er det viktig å leggje merke til at Nygaard ikkje har som mål å skildre syntaksen i norrønt talemål. Det han ønsker, er å gjøre greie for syntaksen i dei skriftlege kjeldene som han meiner ligg nærast talemålet.

I artikkelen frå 1894 går ikkje Nygaard nærmare inn på karakteristika ved “folkelig stil”. Dette emnet blir tatt opp i 1896a, der han drøftar og illustrerer med talrike eksempel fleire skilnader mellom “lærd” og “folkelig” stil (sjå også fotnote 14). I artikkelen frå 1900 følgjer han dette opp ved å fokusere på leddstilling i sagalitteraturen. Vidare skriv han i § 4 i *Norrøn syntax* (1905: 2) at i “nærværende fremstilling af den norrøne syntax er den folkelige stil lagt til grund.”<sup>27</sup>

Den generelle utviklinga i Nygaards arbeid når det gjeld dette spørsmålet kan dermed karakteriserast slik: Han startar med ei framstilling av syntaksen i ein bestemt del av den norrøne litteraturen. Deretter aukar han kjeldematerialet til også å omfatte ulike prosa-sjangrar (1878, 1879, 1883–86). I arbeida frå 1890-åra og i *Norrøn syntax* ligg konsentrasjonen rundt verk skrivne i “folkelig stil”.<sup>28</sup>

---

<sup>27</sup> Når Nygaard i 1905 ikkje alltid maktar å følgje dette kriteriet, har dette å gjøre med at ein del av avsnitta i denne boka er meir eller mindre identiske med dei tidlegare arbeida hans. Og særleg når det gjeld tidlege artiklar, som 1878 og 1879, trekker han ikkje noko skilje mellom ulike stilartar.

<sup>28</sup> Her er 1896b eit unntak, fordi dei fleste eksempla er frå eddadikt.

### 2.4.3 Val av framgangsmåte

Det siste spørsmålet eg skal ta opp, er til dels knytt til det forrige punktet, og dreier seg om framgangsmåte i arbeidet med norrøn syntaks. Lund seier ikkje noko eksplisitt om dette, men tar som nemnt med eksempel frå mange ulike sjangrar, moglegvis for å gi eit breitt bilete av dei syntaktiske forholda.

Nygaard vel, som eg alt har vore inne på, å starte med eit sterkt avgrensa eksempelmateriale, og så etterkvart å utvide perspektivet. Han grunngir dette fleire stader, følgjande er henta frå (1865: iii):

Vil man [...] tage for meget med paa engang, staar man lettelig Fare [!] for paa den ene Side at overvældes af Stoffets Vidløftighed og som Følge deraf blive unøiagtig i det enkelte og uklar i Fremstillingen — og paa den anden Side at sammenblande forskjelligartede Phænomener.

Målet med dette er å finne “et sikkert Grundlag for senere Undersøgelser”. Og nettopp dette med “sikkert Grundlag” står heilt sentralt i Nygaards arbeid.

## 3 Sluttord

Målet med denne artikkelen har vore todelt: For det første har eg ønskt å presentere arbeid om norrøn syntaks skrivne på 1800-talet av nordiske forskarar, for å gi eit bilete av korleis dette feltet utvikla seg gjennom hundreåret. For det andre har eg sett på nokre tendensar i denne litteraturen som eg meiner kan kaste lys over korleis syntaksforskning, på norrønt og generelt, blei vurdert i perioden.

Artikkelen viser eit forskingsfelt som står i skuggen av andre språkvitskaplege disiplinar. Her kan ein trygt snakke om at interessa for syntaksforskning ikkje var til stades. Dette kjem klarast til uttrykk i dei første arbeida om norrøn syntaks, Rask 1811/1818b og Munch og Unger 1847, men me ser den same tendensen i bokmeldingar og i språkvitskaplege debattar. I artikkelen har eg knytt denne mangelen på interesse til sentrale forskingsmål og metodar innanfor europeisk komparativ lingvistikk på 1800-talet, som også fekk mykje å seie på nordisk grunn.

Viss me på den andre sida tar utgangspunkt i dei arbeida om norrøn syntaks som finst frå denne perioden, er det klart at kunnskapen om

feltet auka sterkt i andre halvdel av hundreåret. I 1862 kom det første oversiktsverket om norrøn syntaks (Lund 1862), og kort tid etter tok Marius Nygaard til å publisere sine arbeid, som dannar grunnlaget for *Norrøn syntaks* (Nygaard 1905).

Utover Lund og M. Nygaard var det likevel ikkje mange som arbeidde innanfor dette feltet. Kunnskapen om norrøn syntaks var relativt stor ved hundreårsskiftet, men den var konsentrert på nokre få forskarar. Nygaard er klar over dette problemet, og rett før hundreårsskiftet formulerer han følgjande ønske for framtida:

[D]erfor var det ønskeligt, om flere end hidtil vilde interessere sig for denne del af den nordiske filologi, og jeg vilde gjerne benytte leiligheden til at henlede yngre filologers opmerksomhed paa, at der her er et feltt, som de kunde have glæde og udbytte af at være med at bearbejde (Nygaard 1894: 2).

## Bibliografi

- Aubert, L. C. M. 1843: "Om Læren om Sætningsforbindelsen og Indeling af de forskjellige Stilarter fornemmelig med Hensyn til det latinske Sprog". *Nor. Tidsskrift for Videnskab og Literatur* II, s. 99–139. Christiania.
- Baden, J. 1782: *Grammatica latina*. København.
- Bernstein, L. 1897: *The order of words in Old Norse prose. With occasional references to the other Germanic dialects*. Knickerbocker Press, New York.
- Braune, W. 1894: "Zur Lehre von der Deutschen Wortstellung". *Forschungen zur deutschen Philologie*, Festgabe für Rudolf Hildebrand. Leipzig.
- Cleasby, R. & Guðbrandur Vigfússon 1874: *An Icelandic-English Dictionary*. Oxford.
- Diderichsen, P. 1960: *Rasmus Rask og den grammatiske tradition*. Munksgaard, København.
- Diderichsen, P. 1966: "Rasmus Rasks opfattelse af sprogudvikling og sprogstruktur". *Helhed og struktur*, s. 308–320. G. E. C. Gads forlag, København.
- Eiríkur Rögnvaldsson & Höskuldur Thráinsson. 1990: "Bibliography of diachronic Icelandic syntax". J. Maling & A. Zaenen (red.): *Syntax and semantics 24: Modern Icelandic syntax*, s. 425–433. Academic Press, inc., San Diego.
- Falk, H. & Torp, A. 1900: *Dansk-norskens syntax i historisk fremstilling*. W. Nygaard, Kristiania.
- Finnur Jónsson. 1918: *Udsigt over den norsk-islandske filologis historie*. København.

- Fritzner, J. 1847: [Melding av Munch og Unger 1847]. *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Literatur* 1, s. 385–396. Christiania.
- Fritzner, J. 1867: *Ordbog over det gamle norske Sprog*. Kristiania.
- Fritzner, J. 1886: *Ordbog over det gamle norske Sprog*. 2. utg. Kristiania.
- Faarlund, J. T. 1990: *Syntactic change. Toward a theory of historical syntax*. Mouton de Gruyter, Berlin.
- Gering, H. 1887: *Glossar zu den Liedern der Edda*. Paderborn.
- Grimm, J. 1822–1837: *Deutsche Grammatik*. Göttingen.
- Guðbrandur Vigfússon 1866: "Some remarks upon the use of the reflexive pronoun in Icelandic". *Transactions of the Philological Society* 1866, s. 80–103. Asher & Co, London.
- Halldór Ármann Sigurðsson 1983: *Um frásagnarumröðun*. Reykjavík.
- Halldór Hermannsson 1960: *Catalogue of the Icelandic Collection*. Cornell University Press, Ithaca.
- Hertzberg, F. 1990: "— og denne Videnskab har man kaldet Grammatiken". Upublisert doktoravhandling. Universitetet i Oslo.
- Hertzberg, F. & Hovdhaugen, E. 1980: "Noen retninger i norsk språkvitenskap 1800–1850". *Maal og minne* 1980, s. 13–35.
- Holmboe, C. A. 1848: *Det oldnorske Verbum, oplyst ved Sammenligning med Sanskrit og andre Sprog af samme Æt*. Christiania.
- Holmboe, C. A. 1851: *Om Pronomen relativum og nogle relative Conjunctioner i vort Oldsprog*. Universitetsprogram for det 2det halvaar 1850, Christiania.
- Holm-Olsen, L. 1981: *Lys over norrøn kultur*. Cappelen, Oslo.
- Holthausen, F. 1895: *Altisländisches Elementarbuch*. Verlag von Emil Felber, Weimar.
- Høysgaard, J. P. 1747: *Accentuered og Raissonered Grammatica*. København.
- Jón Þorkelsson. 1894: "Infinitiv styret af præpositioner i Oldislandsk og Oldnorsk". *Arkiv för nordisk filologi* 10, s. 192–196.
- Jónas Kristjánsson 1981: "Learned style or saga style". Dronke, U., Guðrún P. Helgadóttir, Weber, G. W., Bekker-Nielsen, H. (red.), *Speculum Norroenum. Norse studies in memory of Gabriel Turville-Petre*, s. 260–292. Odense University Press, Odense.
- Jonsson, E. 1863: *Oldnordisk Ordbog ved det kgl. Nordiske Oldskriftsselskab*. København.
- Keyser, R. 1839: *Om Nordmændernes Herkomst og Folkeslegtsskab. Samlinger til det Norske Folks Sprog og Historie* 6, s. 243–462. Kristiania.
- Kjartan G. Ottósson 1988: "Den isländska språkhistoriens primärkällor och deras användning". Svensson 1988, s. 120–155.
- Kahle, B. 1896: *Altisländisches Elementarbuch*. Carl Winters Universitätsbuchhandlung, Heidelberg.
- Kristensen, M. 1938: "G. F. V. Lund". *Dansk biografisk leksikon*. København.
- Lund, G. F. V. 1862: *Oldnorsk ordfoiningslære*. Berlingske bogtrykkeri ved L. N. Kalckar, København.
- Lund, O. 1892: [Nekrolog over] "G. F. V. Lund". *Arkiv för nordisk filologi* 8, s. 196–198.

- Madvig, J. N. 1857: *Græsk ordføiningslære*. København.
- Markey, T. L. 1976: "Rasmus Kristian Rask: His life and work". Rask 1976, s. xv-xxxvi.
- Munch, P. A. 1849: *Forn-Svenskans (Svænsku ok Gøzku) och Forn-Norskans (Norrænu) Språkbyggnad, jemte et Bihang om den äldsta runskriften*. Stockholm.
- Munch, P. A. & Unger, C. R. 1847: *Det oldnorske Sprogs eller Norrøn sprogets grammatik*. Johan Dahl, Christiania.
- Noreen, A. 1884: *Altnordische Grammatik. 1: Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des Urnordischen*. Niemeyer, Halle.
- Nygaard, M. 1865-67: "Eddasprogets syntax". *Inbydelsesskrift til den offentlige eksamen i Kristianias katedralskole 1865-67*. Giertsen, Bergen.
- Nygaard, M. 1878: "Betydningen og Brugen af Verbet munu". *Aarbøger for Nordisk Oldkyndighed og Historie* 1878, s. 259-303.
- Nygaard, M. 1879: "Om Brugen af det saakaldte Præsens Particip i Oldnorsk". *Aarbøger for Nordisk Oldkyndighed og Historie* 1879, s. 203-228.
- Nygaard, M. 1883: "Om brugen af konjunktiv i oldnorsk". *Arkiv för nordisk filologi* 1, s. 113-149; 314-351.
- Nygaard, M. 1885: "Om brugen af konjunktiv i oldnorsk". *Arkiv för nordisk filologi* 2, s. 193-206; 356-375.
- Nygaard, M. 1886: "Om brugen af konjunktiv i oldnorsk". *Arkiv för nordisk filologi* 3, s. 97-120.
- Nygaard, M. 1894: "Udeladelse af subjekt; 'subjektlöse' sætninger i det norrøne sprog (den klassiske sagastil)". *Arkiv för nordisk filologi* 10, s. 1-25.
- Nygaard, M. 1896a: "Den lærde stil i den norrøne prosa". *Sproglig-historiske studier tilegnede C. R. Unger*, s. 153-170. Aschehoug, Kristiania.
- Nygaard, M. 1896b: "Kan oldn. *er* være particula expletiva?". *Arkiv för nordisk filologi* 12, s. 117-128.
- Nygaard, M. 1900: "Verbets stilling i det norrøne sprog". *Arkiv för nordisk filologi* 16, s. 209-241.
- Nygaard, M. 1905: *Norrön syntax*. W. Nygaard, Kristiania.
- Nygaard, W. 1889: "Det aktive upersonlige udtryk i den norrøne sagalitteratur". *Akademiske afhandlinger til Prof. dr. Sophus Bugge*. Cammermeyer, Kristiania.
- Olsen, M. 1911: "Filologien". *Det kongelige Fredriks universitet 1811-1911*. Festskrift II, s. 290-380.
- Pedersen, H. 1959: *The discovery of language. Linguistic science in the nineteenth century*. Indiana University Press, Bloomington.
- Rask, R. K. 1811: *Veiledning til det islandske eller gamle nordiske sprog*. København.
- Rask, R. K. 1818a: *Undersøgelse om det gamle Nordiske eller Islandske Sprogs Oprindelse. Et af det kongelige Danske Videnskabers Selskab kronet Prisskrift*. Gyldendal, København.

- Rask, R. K. 1818b: *Anvisning til Isländskan eller Nordiska Fornspråket*. Wiborg, Stockholm.
- Rask, R. K. 1976: *A grammar of the Icelandic or Old Norse tongue*. John Benjamins B. V., Amsterdam.
- Robins, R. H. 1990: *A short history of Linguistics*. Longman, London.
- Schleicher, A. 1861: *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen; kurzer Abriss einer Laut- und Formenlehre der indogermanischen Ursprache*. Weimar.
- Schlyter, D. C. J. 1877: *Ordbok til Samlingen af Sveriges gamla Lagar*. Lund.
- Sveinbjörn Egilsson. 1860: *Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis*. København.
- Svensson, J. (red.) 1988: *Nordistiken som vetenskap*. Studentlitteratur, Lund.
- Syv, P. 1685: *Den danske Sprog-Kunst eller Grammatica*. København.
- Unger, C. R. 1864: *Gammel norsk Homiliebog*. Kristiania
- Wisén, T. 1865: *Om ordføgingen i den äldre Eddan*. Lund.
- Wollin, L. 1988: "Nordiska språk — ett modernt 1800-talsämne? Några glimtar ur en disciplins historia". Svensson 1988, s. 31–46.
- Aasen, I. 1848: *Det norske Folkesprogs grammatik*. Kristiania.

## Tillegg: Kjelder

Det følgjande oversynet viser kva tekstutgåver som er nytta i dei presenterte arbeida om norrøn syntaks. Ikkje alle forfattarane har gitt tilstrekkelege opplysningar på dette punktet, slik at det er usikre moment ved oversynet. Svært ofte er tittelen på siterte tekstar nemnd, mens informasjon om utgåve manglar.

I dei fleste tilfella er det heller ikkje mogleg å slå fast kva utgåve som er nytta på grunnlag av språkforma i eksempla, fordi desse ofte er normaliserte. Både Lund og Nygaard normaliserer eksempl, og i Nygaards tilfelle er dette eit problem fordi han svært sjeldan nemner kva utgåve han har nytta.

Der side- og linjenummer er nemnt, men ikkje utgåve, har eg kontrollert referansane mot ulike utgåver for å slå fast kva utgåve som er nytta.

### Lund 1862

Lund gir fremst i boka eit oversyn over dei kjeldene han nyttar, med opplysningar om utgåve. I teksten refererer han til kjeldene med side- og linjenummer.

#### A. Poesi:

Eddadikta er sitert frå følgjande utgåver: Kristiania 1847 (Munch), Stockholm 1818 (Rask), Zürich 1859 (Lüning).

Andre dikt:

1. "Harmsól", Viðey 1844. I *Fjögur gömul kvæði* (Sveinbjörn Egilsson).
2. "Hugsvinnsmál", Viðey 1831 (Scheving).
3. "Lilja Eysteins Ásgrímssonar", København 1826.
4. "Merlinus spá", *Annaler for nordisk oldkyndighed*, 1849.
5. "Rekstefja", utg. i *Scripta hist.* Island III.
6. "Skáldhelga rimur", utg. i *Grønlands historiske mindesmerker*, København 1838–45.

B. Prosa:

1. *Alexanders saga*, Kristiania 1848 (Unger).
2. *Bandamanna saga*, København 1850 (Halldór K. Friðriksson).
3. *Biskupa sögur*, København 1858–78 (samlingsverk).
4. *Bjarnar saga Hitdælakappa*, København 1847 (Halldór K. Friðriksson).
5. *Bragða Mágus Saga*, København 1858 (Gunnlaugur Þórðarson).
6. *Droplaugarsona saga*, København 1847 (Konrad Gislason).
7. *Egils saga Skallagrímssonar*, Reykjavík 1856 (Jón Þorkelsson<sup>29</sup>) og København 1809 (AM utgåve).
8. *Eyrbyggja saga*, København 1787.
9. *Fagrskinna*, Kristiania 1847 (Munch og Unger).
10. Fire og fyrretyve Prøver af oldnordisk Sprog og Literatur, København 1860 (Konrad Gislason).
11. *Flateyjarbók*, Kristiania 1859–61 (Unger) (delar av Unger og Guðbrandur Vigfússon 1860–66).
12. *Fornaldarsögur Norðrlanda*, København 1829–30 (Rafn; samlingsverk).
13. *Fornmanna sögur*, København 1825–37 (samlingsverk, kongesoger).
14. *Föstbræðra saga*, København 1852 (Konrad Gislason).
15. *Færeyinga saga*, København 1832 (Rafn).
16. *Tvær sögur af Gisla Súrsyni*, København 1849 (Konrad Gislason).
17. *Grágás*, København 1852 ff. (Vilhjálmur Finsen).
18. *Grettis saga*, København 1853 (Gisli Magnússon).
19. *Gulapingslög*, København 1817 (AM utgåve).
20. *Gullþóris saga*, Leipzig 1858 (Maurer).
21. *Hávardar saga Ísfríðings*, København 1860 (Gunnlaugur Þórðarson).
22. *Noregs konunga sögur af Snorri Sturlason* [Heimskringla], København 1777–1826.
23. *Hervarar saga ok Heiðreks konungs*, København 1847 (Petersen).
24. *Hrafnkels saga Freysgöða*, København 1847 (Konrad Gislason).
25. *Járnsíða eða Hákonarbók*, København 1847 (AM utg.).
26. *Jónsbók hin forna*, Akureyri 1858 (Sveinn Skúlason).
27. *Íslendinga sögur*, København 1843–47/København 1830.

---

<sup>29</sup> Lund oppgir Jón Þorkelsson som utgivar, mens Halldór Hermannssen 1960 nemner Einar Þórðarson som utgivar og Jón Þorkelsson som redaktør.

28. *Kongespeilet*, Kristiania 1848 (Keyser, Munch og Unger).
29. *Konræds saga Keisarasonar*, København 1859 (Gunnlaugur Þórðarson).
30. *Kormaks saga*, København 1832 (AM utg.).
31. *Kristni saga ok þattr af Ísleifi biskupi*, København 1773 (AM utg.).
32. *Laxdæla saga*, København 1826 (AM utg.).
33. *Njáls saga*, København 1772 (Ólafur Ólafsson (Olavius)).
34. *Norges gamle love*, Kristiania 1846 ff. (Keyser og Unger).
35. *Olaf den helliges saga* [Legendariske Olavssaga], Kristiania 1849 (Keyser og Unger).
36. *Orkneyinga saga*, København 1780 (Jón Jónsson).
37. *Edda Snorra Sturlusonar*, Reykjavík 1848 (Sveinbjörn Egilsson).
38. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).
39. *Stjörn*, Kristiania 1854–60 (Unger).
40. *Sturlunga saga*, København 1817–20.
41. *Vápnfirðinga saga*, København 1848 (Gunnlaugur Þórðarson) (Nordiske Oldskrifter V).
42. *Vatnsdæla saga*, Leipzig 1860 (Guðbrandur Vigfússon og Möbius).

C. Utrykte kjelder:

1. "Íslendinga drápa", AM 748 4to.
2. "Nikoláss drápa", AM 622 4to.

*Munch og Unger 1847*

Kjeldene til eksempla er ikkje oppgitt.

*Marius Nygaard*

Nygaard oppgir kjelder, og han refererer til desse med side- og linjenummer (stundom bare med kapittelnummer). Informasjonen om utgåver er derimot meir sporadisk, slik at det er vanskeleg i alle tilfelle å slå fast kva utgåve han har nytta. For å gi mest mogleg korrekte opplysningar på dette punktet har eg sjekka Nygaards referansar til side- og linjenummer mot ulike utgåver der han ikkje oppgir kva utgåve han har nytta (sjå også fotnote 30).

*Nygaard 1865–67*

Eddadikt: Munch 1847; i forordet nemner Nygaard at han også har nytta dei delane av Bugges arbeid som var ferdig.

*Nygaard 1878*

A. Eddadikt (utgåve er ikkje oppgitt):

"Alvismál", "Atlakviða", "Atlamál", "Fafnismál", "Fjölsvinnsmál", "Grógald", "Guðrúnarhvöt", "Guðrúnarkviða", "Hamarsheimt", "Hamdismál", "Hárbarðs-

ljöd”, “Hávamál”, “Helgakviða Hundingsbana”, “Helgakviða Hjörvarðssonar”, “Hymiskviða”, “Hyndluljóð”, “Oddrunargrátr”, “Sigurðarmál”, “Sigrdrífumál”, “Skirnismál”, “Vafþrúðnismál”, “Vegtamskviða”, “Völuspá”.

B. Prosa:

1. *Egils saga Skallagrimssonar*.<sup>30</sup>
2. *Flateyjarbók*, Kristiania 1860–66 (Unger og Guðbrandur Vigfússon).
3. *Formanna sögur*, København 1825–35 (Rafn, samlingsverk, kongesoger).
4. Fire og fyrretve Prøver af oldnordisk Sprog og Literatur, København 1860 (Konrad Gislason).
5. *Hervarar saga*, Kristiania 1864 (Bugge, Det norske Oldskrifts-selskabs samlinger, bd. 6: *Norrøne Skrifter med sagnhistorisk Indhold*).
6. *Gammel Norsk Homiliebog*, Kristiania 1864 (Unger).
7. *Íslendinga sögur*, København 1843 ff.
8. *Kongespeilet*, Kristiania 1848 (Keyser, Munch og Unger).
9. *Konunga sögur* [Eirspennill], Det norske Oldskrifts-selskabs samlinger, Kristiania 1873 (Unger).
10. *Mörkingskinna*, Kristiania 1866 (Unger).
11. *Njáls saga*, København 1875 (Konrad Gislason).
12. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).
13. *Edda Snorra Sturlusonar*, København 1848 og 1852 (AM utgåve).
14. *Völsungasaga*, Kristiania 1864 (Bugge, Det norske Oldskrifts-selskabs samlinger, bd. 6: *Norrøne Skrifter med sagnhistorisk Indhold*).

*Nygaard 1879*

A. Eddadikt (Grundvig, S: *Sæmundar Edda hins Fróða*, København 1874).<sup>31</sup>

“Atlakviða”, “Fafnismál”, “Fjölsvinnsmál”, “Gróttasöngur”, “Guðrúnarhvöt”, “Guðrúnarkviða”, “Hamarsheimt”, “Hárbarðsljóð”, “Hávamál”, “Helgakviða Hjörvarðssonar”, “Hymiskviða”, “Hyndluljóð”, “Lokasenna”, “Oddrunargrátr”, “Rígmál”, “Sigrdrífumál”, “Sigurðarkviða Fafnissbana”, “Sólarljóð”, “Vegtamskviða”, “Völundakviða”, “Völuspá”.

B. Prosa:

1. “Brot af Sigurðarkviða”.
2. *Egils saga Skallagrimssonar*.<sup>30</sup>
3. Fire og fyrretve Prøver af oldnordisk Sprog og Literatur, København 1860 (Konrad Gislason).

<sup>30</sup> Fordi Nygaard viser til kapitler og ikke til side i Egils saga, og fordi han her som ellers normaliserer eksempla sine, er det uråd å slå fast kva utgåve han har nytta. Den nyaste utgåve på dette tidspunktet var frå 1856 (Einar Þórðarson, Reykjavík).

<sup>31</sup> Grundvigs Edda-utgåve frå 1874 er 2. utgåva (første kom i 1868); Nygaard skriv ikkje kva for utgåve han har nytta, men eg reknar med at det var den nyaste.

4. *Grágás*, København 1852 ff. (Vilhjálmur Finsen).
5. *Gammel Norsk Homiliebog*, Kristiania 1864 (Unger).
6. *Kongespeilet*, Kristiania 1848 (Keyser, Munch og Unger).
7. *Njáls saga*, København 1875.
8. *Norges gamle love*, Kristiania 1846 (Keyser og Munch).
10. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).
11. *Edda Snorra Sturlusonar*, Reykjavík 1848 (Sveinbjörn Egilsson).
12. *Strengleikr eda ljóðabók*, Kristiania 1850 (Keyser og Unger).

#### Nygaard 1883–1886

1. *Flateyjarbók*, Kristiania 1860–68 (Unger og Guðbrandur Vigfússon).
2. *Gammel Norsk Homiliebog*, Kristiania 1864 (Unger).
3. *Grágás*, København 1852 ff. (Vilhjálmur Finsen).
4. *Jomsvíkinga saga*, Lund 1875 (Cederschiöld).
5. *Kongespeilet*, Kristiania 1848 (Keyser, Munch og Unger).
6. *Morkinskinna*, Kristiania 1866 (Unger).
7. *Njáls saga*, København 1875.
8. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).
9. Kjeldene frå Nygaard 1865–67.

#### Nygaard 1894

1. *Egils saga*, København 1886–88 (Finnur Jónsson).
2. *Flateyjarbók*, Kristiania 1860–68 (Unger og Guðbrandur Vigfússon).
3. *Heimskringla*, Kristiania 1868 (Unger).
4. *Íslendinga sögur*, København 1843 ff.
5. *Konunga sögur*, Kristiania 1873 (Unger).
6. *Laxdæla saga*, København 1889–91 (Kålund).
7. *Morkinskinna*, Kristiania 1867 (Unger).
8. *Njáls saga*, København 1875.
9. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).
10. *Edda Snorra Sturlusonar*, Reykjavík 1848 (Sveinbjörn Egilsson).

#### Nygaard 1896a

I denne artikkelen drøftar Nygaard eksempel frå *Gammel Norsk Homiliebok* (Unger 1864), og følgjande dikt frå Den eldre Edda: “Alvismál”, “Fjölsvinnsmál”, “Grimnismál”, “Hárbarðsljóð”, “Hávamál”, “Helgakviða Hjörvarðsonar”, “Hyndluljóð”, “Lokasenna”, “Sigurðarkviða Fáfnisbana”, “Sólarljóð” og “Vafþrúðnismál”.

Nygaard 1896b

Nygaard skil i denne artikkelen mellom verk skrivne i lærd og folkeleg stil.

A. Eksempla på folkeleg stil er henta frå følgjande kjelder:

1. *Flateyjarbók*, Kristiania 1860–68 (Unger og Guðbrandur Vigfússon).
2. *Heimskringla*, Kristiania 1868 (Unger).
3. *Njáls saga*, København 1875.
4. *Norges gamle love*, Kristiania 1846 (Keyser og Munch).
5. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).

B. Eksempla på lærd stil er henta frå desse kjeldene:

1. *Barlaams ok Josaphats saga*, Kristiania 1851 (Keyser og Unger).
2. *Droplaugarsona saga*, København 1847 (Konrad Gislason).
3. *Gammel Norsk Homiliebog* (Unger 1864).
4. *Heilagra manna sögur*, Kristiania 1877 (Unger).
5. *Karlamagnús saga ok kappá hans*, Kristiania 1860 (Unger).
6. *Mariu saga* (Unger 1871).
7. Fire og fyrretyve Prøver af oldnordisk Sprog og Literatur, København 1860 (Konrad Gislason).
8. *Speculum Regale. Ein altnorwegischer Dialog*, München 1881 (Brenner).
9. *Stjórn*, Kristiania 1862 (Unger).
10. *Strengleikr eða ljóðabók*, Kristiania 1850 (Keyser og Unger).
11. *Thomas saga erkibyskups*, Kristiania 1869 (Unger).

Nygaard 1900

Drøftinga av utviklinga frå urnordisk til norrønt i første del av artikkelen tar utgangspunkt i følgjande innskrifter, sitert etter Noreen: *Altnordische Grammatik*, 1892 og Bugge: *Norges indskrifter med de ældre runer*, Kristiania (1891 ff.): Guldhornsinnskrifta, Einangsteinen (Bugge), Varnumsteinen, Tanumsteinen, Istabysteinene, Reistadsteinen (Bugge), Bysteinene (Bugge), Fonnås-spennen (Bugge), Tunesteinene (Bugge).

Eksempla i andre del av artikkelen er henta frå følgjande tekstar:

1. *Egils saga Skallagrímssónar* (Finnur Jónsson 1894).
2. *Eyrbyggja saga*, Reykjavík 1895 (Valdimar Ásmundarson).
3. *Flateyjarbók*, Kristiania 1860–68 (Unger & Vigfússon).
4. *Grágás*, København 1852 ff. (Vilhjálmur Finsen).
5. *Heimskringla*, Kristiania 1868 (Unger).
6. *Gammel Norsk Homiliebog* (Unger 1864).
7. *Jómsvíkinga saga*, Lund 1875 (Cederschiöld).
8. *Konge-Speilet* (Keyser, Munch og Unger 1849).
9. *Mariu saga* (Unger 1871).

10. *Morkinskinna*, Kristiania 1867 (Unger).
11. *Njáls saga*, København 1875.
12. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).
13. *Edda Snorra Sturlusonar*, Reykjavík 1848 (Sveinbjörn Egilsson).

W. Nygaard 1889

Referansane til *Egils saga* og *Laxdæla saga* er til kapittel, og det er såleis ikkje mogleg å slå fast kva utgåve Nygaard har nytta.<sup>32</sup>

1. *Egils saga Skallagrimssonar*.
2. *Eyrbyggja saga*, Akureyri 1882 (Björn Jónsson).
3. *Flateyjarbók*, Kristiania 1860–68 (Unger og Guðbrandur Vigfússon).
4. *Laxdæla saga*.
5. *Norges gamle love*, Kristiania 1846 (Keyser og Munch).
6. *Njáls saga*, København 1875.
7. *Saga Ólafs konungs ens helga*, Kristiania 1853 (Munch og Unger).

Rask 1818b

Kjeldene til eksempla er ikkje oppgitt.

Jón Þorkelsson 1896

1. *Alexanders saga*, Kristiania 1848 (Unger).
2. *Codex Frisianus*, Kristiania 1871 (Unger).
3. *Egils saga Skallagrimssonar*, København 1886–88 (Finnur Jónsson).
4. *Flateyjarbók*, Kristiania 1860–68 (Unger og Guðbrandur Vigfússon).
5. *Fornmanna sögur*, København 1825–37 (Rafn; samlingsverk, kongesoger).
6. *Grágás*, København 1852 ff. (Vilhjálmur Finsen).
7. *Grettis saga*, København 1859 (Gísli Magnússon og Gunnlaugur Þórðarson).
8. *Heilagra manna sögur*, Kristiania 1877 (Unger).
9. *Heimskringla*, Kristiania 1868 (Unger).
10. *Homiliu-bók. Isländska homilier*, Lund 1872 (Wisén).
11. *Icelandic sagas*, London 1887–1894.
12. *Laxdæla saga*, København 1889–1991 (Kålund).
13. *Njáls saga*, København 1875.
14. *Postula sögur*, Kristiania 1874 (Unger).
15. *Saga Ólafs konungs Tryggvasonar*, Kristiania 1853 (Munch).

<sup>32</sup> Ei grundig samanlikning av alle eksemplar med dei ulike tilgjengelege utgåvene ville moglegvis kunne ha løyst dette problemet.

Guðbrandur Vigfússon 1866

Ved dei norrøne eksempla er kjelde oppgitt, men ikkje utgåve. Vidare viser desse referansane bare til kapitla i utgåvene, slik at det ikkje er mogleg å slå fast kva utgåver forfattaren har nytta (men sjå fotnote 32).

Wisén 1865

Den eldre Edda, Leipzig 1860 (Möbius).